

Bygland kommune



Budsjett 2015 Økonomiplan 2015-2018

Dokument 1

Rådmannen sitt framlegg med kommentarar 06.11.2014



FORORD

Rådmannen legg med dette fram sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan for 2015 – 2018. Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2014– 2017, og politiske vedtak, saman med justeringar tufta på oppdatert informasjon i statsbudsjettet og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Utviklinga i kommune sine inntekter har vore negativ frå 2012. Den negative folketalsutviklinga fører til nedgang i inntekter frå skatt og rammetilskot. Dei kraftbaserte inntektene viser også ein klar nedgang. I 2013 og så langt i 2014 har vi hatt god kostnadskontroll i einingane og vi har teke i bruk dei verkemidla vi har til rådvelde for å betre budsjettbalansen. Dette førte til eit stort mindreforbruk i rekneskapen for 2013.

Etter rådmannen si meining er det ikkje lenger nok å nytte ostehøvel for å få budsjettet i balanse. Vi må gjere strukturelle grep i drifta for varig å betre situasjonen. Ein må også vurdere om det er nødvendig å innføre eigedomsskatt på hus og hytter i kommunen.

Dersom vi skal lykkast i dette arbeidet må kommunestyre, den administrative leiinga og dei tillitsvalde stå saman om dette arbeidet. Målet må heile tida vere å gjere dette på ein måte der skadeverknadene på brukarane av tenestene vert minst mogeleg.

I løpet av 2014 er det gjennomført prosjektering av ny idrettshall ved Bygland skule og nytt kulturbygg på Prestneset. Kulturbygget ville vere vårt «signalbygg». Det er to spennande bygg som ville vere eit løft for lokalsamfunnet. Dei anboda som er komne inn er også gunstige når det gjeld byggekostnader og det er store eksterne tilskot til bygga.

Når rådmannen likevel ikkje tilrår bygging no, er det med tanke på den særns vanskelege økonomiske situasjonen vi er i og dei auka driftsutgiftene dette ville føre til både med kapitalutgifter og årlege driftsutgifter til å drifte bygget.

Rådmannen opplever at Bygland kommune har eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar. Det er ein engasjert organisasjon, med dyktige tilsette, som er orienterte mot utvikling. Det skjer mykje positivt, som gir grunnlag for å halde fram arbeidet med å løfte omdømmet til kommunen og våge å vere stolte av eigen kommune.

Den største utfordringa er framleis den negative folketalsutviklinga. Dette gir reduserte inntekter og gjer det vanskeleg å oppretthalde eit godt tenestetilbod. På kort sikt er det særleg grunn til å vere bekymra for låge barnetal i aldersgruppa 2 til 6 år. Eg er viss på at både politikarane og administrasjonen tek denne utfordringa på alvor. Eg trur vi må utfordre kvarandre på å vere innovative for å finne tiltak som kan snu denne negative utviklinga.

Aasmund Lauvdal
rådmann



INNHALD

<u>FORORD.</u>		1
<u>Del I. Framlegg til innstilling.</u>		4
1. Framlegg til innstilling – årsbudsjett 2015	4	
2. Framlegg til innstilling – økonomiplan 2015 - 2018	5	
<u>Del II. Generelle kommentarar.</u>		5
1. Formelle forhold vedk. årsbudsjett og økonomiplan	5	
2. Generelle hovedliner – samandrag.	6	
2.1. Den aktuelle økonomiske situasjon for kommunesektoren.		6
2.2. Bygland kommune – hovudliner.		6
2.3. Investeringar og avsetningar.		6
3. Folketalsutvikling.		8
1. Kommunereform	9	
2. Kommunebarometer	11	
<u>Del III. Kostra rekneskapstal 2013.</u>		12
1. Finansielle nøkkeltal	12	
2. Prioritering	13	
3. Dekningsgrad	13	
4. Produktivitet/Einingskostnadar	14	
4. Økonomisk ramme 2015 – 2018 .		14
4.1. Kommunen sine driftsinntekter.	14	
4.1.1. Avgifter og betalingssatsar.	14	
4.1.2. Skatt på formue og inntekt.	15	
4.1.3. Eigedomsskatt.	15	
4.1.4. Statlege rammeoverføringar.	16	
4.1.5. Frie inntekter.	16	
4.1.6. Andre statlege overføringar.	17	
4.1.7. Konesjonskraftinntekter.	18	
4.1.8. Inntekter frå Agder Energi AS.	18	
4.1.9. Asylmottak	18	
4.2. Kommunen sine driftsutgifter.	19	
4.2.1. Løns- og prisvekst	19	
4.2.2. Pensjonsutgifter.	19	
4.2.3. Rente- og avdrag.	20	
4.2.4. Bompengar.	20	
4.2.5. Finansiering av investeringar	21	
4.2.6. Ubundne investeringsfond	22	
4.2.7. Konesjonsavgifter	22	
4.2.8. Disposisjonsfond drift	22	
5. Investeringsbudsjettet.		23
5.1. Investeringar i budsjett 2015	23	
5.2. Investeringar i økonomiplanperioden.	27	
5.3. Utlån.	28	
5.4. Finansiering av investeringsbudsjettet.	29	



Del IV. Budsjettrammer for dei einkilde resultateiningar. 30

Politisk styring og kontrollorgan.	30
Rådmannskontoret og fellesutgifter	32
Tenestetorg	34
IKT	34
Kyrkjelege føremål	35
Pedagogiske fellestenester	35
Frivilligsentralen	36
Kultur, bibliotek, bygdebok og ungdomsklubb	36
Lokalmedisinske tenester - samhandlingsreforma	38
Oppvekstsektoren i Bygland kommune	40
Resultateining: Bygland oppvekstsenter	41
Resultateining: Byglandsfjord oppvekstsenter	42
Resultateining: nav	42
Kostnadssted: Barnevern	44
Resultateining: Helse	44
Resultateining: Pleie og omsorg	46
Resultateining: drift og forvaltning	49

vedlegg.....
ØKONOMISKE HOVUDOVERSIKTER.....



DEL I. FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

1. Framlegg til innstilling – årsbudsjett 2015

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2015, med tilhøyrande føresetnader vert å fastsette som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2015.

Skattesatsar/ marginavsetning:

Skatten for 2015 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.

For eigedomsskatteåret 2015 skal det skrivast eigedomsskatt på verk og bruk jf. Eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c. Eigedomsskatten vert å fastsette til 7 o/oo.

Kommunale avgifter og betalingssatsar:

For 2015 vert det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingssatsar:

- Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)..... vert auka med 10 %
- Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.).... vert auka med 5 %
- Slamavgift.....vert ikkje auka
- Tilkoplingsavgift for vatn.....vert auka med 10 %
- Tilkoplingsavgift for kloakk.....vert auka med 5 %
- Renovasjonsavgift hus.....vert auka med 15 %
- Renovasjonsavgift hytte.....vert auka med 15 %
- Feieavgift.....vert auka med 17,5 %

Andre betalingssatsar aukar i samsvar med framlegg til Gebyrregulativ 2015.

Låneopptak:

Det vert ikkje teke opp ordinære lån til investeringar i 2015. Kommunen har ubruka lånemidlar frå 2014 rekneskapet. Det vert søkt om å ta opp eit startlån på kr 1.500.000,-.

Andre forhold:

1. Rådmannen får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einstilte resultatteining:
 - Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
 - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.
2. Rådmannen får fullmakt til naudsynnte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
3. Det vert sett ned ei partsamansett gruppe (styringsgruppe) for nedskjeringsprosessen. Medlemmene i gruppa er:
 - Rådmannen.
 - Dei to tenesteleiarane med flest tilsette
 - HVO (hovudverneombodet)
 - To tillitsvalte (dei tillitsvalte vel sjølve kven dette skal vere).Rådmannen kan i tillegg kalle inn personar frå staben etter behov.

Generelt:

Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For den einstilte resultatteining gjeld reglane om delegert budsjettmyndigdom innanfor netto driftsramme. Ut over dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltakar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i regionrådet før endeleg løyving vert fastsett.



2. Framlegg til innstilling – økonomiplan 2015 – 2018

1. Økonomiplan for perioden 2015 - 2018 vert å vedta i samsvar med rådmannen sitt framlegg.
2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2015 - 2018 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.
3. Enkelt saker med økonomiske konsekvensar som kjem opp i løpet av året, skal som hovudregel ikkje handsamast som enkelt saker, men skal handsamast i samband med økonomiplan/ budsjett.

Del II. Generelle kommentarar

1. Formelle forhold vedk. årsbudsjett og økonomiplan

1.1. Lovmessig grunnlag for budsjett og økonomiplan

Kommunelova § 45 seier at kommunestyret innan utgangen av året skal vedta budsjett for komande kalenderår. Årsbudsjettet er ein **bindande** plan for kommunen sine inntekter og utgifter i budsjettåret og bruken av desse.

Budsjett- og rekneskapsforskriftene set følgjande krav til ein kommune sitt årsbudsjett:

- a. Det skal vere reelt, fullstendig og oversiktleg.
- b. Budsjettet skal vere i balanse. Det er normalt ikkje høve til å budsjettere med rekneskapsmessig underskot.
- c. Eventuelt rekneskapsmessig underskot skal førast til dekking i budsjettet seinast to år etter at det har oppstått.
- d. Ved behandling av budsjettet skal det vurderast spesielt om det er behov for å styrke likviditeten ved å tilføre midlar til kommunen si kontantbeholdning.

Det budsjettet som vert lagt fram er eit samla administrativt forslag. Ein har forsøkt å legge opp til mest mogleg open budsjettprosess med resultateneingane. Alle resultateneingane har kome med viktige innspel til arbeidet, og rådmann/økonomileiar har hatt møte med alle desse.

Kommunelova § 44 gjev det lovmessige grunnlaget for økonomiplanen:

”§ 44. Økonomiplan.

1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.
2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.
3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.
4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.
6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.
7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.
8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.”

Reint praktisk har ein delt denne saka i følgjande to dokument:

Dokument 1 – Rådmannen si innstilling med kommentarar til både årsbudsjett og økonomiplan.

Dokument 2 – Hovudoversikter for årsbudsjettet samt hovudoversikter for økonomiplanen.



2. Generelle hovudliner – samandrag

2.1. Den aktuelle situasjonen for kommunesektoren

I budsjettframlegget frå Solberg- regjeringa er det lagt opp til ein realvekst i frie inntekter til kommunane på kr 3,9 mrd. Demografikostnadene utgjer om lag kr 2,50 mrd. og auka pensjonsutgifter utgjer om lag 0,50 mrd. På landsbasis vil dette vere ei svak auke i dei frie inntektene.

Frå 2014 til 2015 er det på landsbasis ein nominell vekst på 4,8 % i forhold til ”RNB-nivå”. Dette vil seie ein realvekst på om lag 1,8 %.

Dersom det vert aktuelt å utvide skattegrunnet for eigedomsskatt for 2015, eller seinare i økonomiplanperioden må det handsamast som eiga sak i kommunestyret.

2.2. Bygland kommune – hovudliner

Bygland kommune har gjennomført store investeringar i eldreomsorg, skule, barnehage, utbygging av reinseanlegg og nytt bustadfelt på Byglandsfjord og Bygland. Dette har ført til at kommunen sine ubundne investeringsfond er redusert og lånegjelda er høg.

I 2015 er investeringane hovudsakleg knytt til VARF- området (vann, avlaup, renovasjon og feiing), bygging av nye PU bustader og bygging av flyktningbustad. Dei fleste prosjekta er ein vidareføring av prosjekt som starta i 2014, men ikkje fullførde.

Dei ordinære driftsrammene til resultateneingane er i økonomiplanen justert for den sentrale lønsauka, føringar i statsbudsjettet og særlege forhold som er kommentert i budsjettet.

Det samla budsjettframlegget for 2015 balanserer med inntekter og utgifter på kr 136.679.000,-. I tillegg utgjer investeringsbudsjettet kr 28.240.000,-, medan driftsbudsjettet inklusiv renter og avdrag på kommunen sine lån er på kr 142.735.000,-.

Budsjett 2015 synar eit meirforbruk på kr 7.918.000,-. Dette utgjer eit negativt netto driftsresultat på om lag 5,79 %. For å saldere budsjettet er det lagt bruk av disposisjonsfond på kr. 7.918.000,-, slik at netto driftsresultat er 0. Det er tilrådd at kommunane bør ha eit positivt netto driftsresultat på minimum 3 %.

2.3. Investeringar og avsetningar

Det er i 2015 lagt inn investeringar på kr 26.040 mill. Dei største tiltaka er bygging av PU bustader på Byglandsfjord til kr 12 mill., vatn og kloakk til Neset/Grendi til kr 6,7 mill. og bygging av flyktningbustad til 4,5 mill. Utover det er det mange små investeringar. Dei fleste prosjekta er starta i 2014 som slutførast i 2015.

Overordna mål

Slagord: ”Med hjarta i Bygland”

Overordna mål: Auke folketalet i Bygland kommune

Ut i frå overordna mål skisserer vedteken Kommuneplan 2011- 2022, Kommunestyrevedtak 22.02.11, vegen vidare for å nå dette målet.

Bygland i Noreg:

- Stimulere til å vise toleranse og vere open for andre kulturar, uttrykk og tradisjonar
- Aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi i eit nasjonalt og globalt perspektiv



- Styrke profileringa av Bygland som ein god stad å bu
- Styrke satsinga på barn, ungdom og unge barnefamiliar

Bygland i Agder:

- Styrke busettinga i heile kommunen
- Skape tru på innovasjon og utvikling
- Arbeide for eit positivt omdøme for Bygland kommune
- Utvikle og satse på egne ressursar, eigenart og kvalitetar

Heime i Bygland:

- Skape attraktive miljø i kommunen ved å fremje ei berekraftig utvikling
- Ha eit teneste- og servicetilbod som har særskilt merksemd på dei unge sine behov; slik som symjehall, idrettslag og ungdomsklubb
- Satse på å få ungdommen heim att
- Sørge for god trafikksikring i bustadområde og langs skuleveg
- Helseteneste med merksemd på behova hos familiar med barn og ungdom

Regionplan Agder 2020

Fylkestinga i Aust- og Vest-Agder har vedteke at planlegging av felles utfordringar i regionen skal skje gjennom ein felles regionplan som erstattar fylkesplanane. I regionplan Agder 2020 er det formulera 5 hovudmål mot 2020.

«Regionplan Agder 2020 er en videreføring av Agderrådets strategiske dokument "Felles mål for Sørlandet 2003-2010" og har erstattet denne. For å gi planen størst mulig gjennomslagskraft, er det etablert et likeverdig samarbeid mellom de to fylkeskommunene

Hovedmålet i regionplanen er å utvikle en sterk og samlet landsdel som er attraktiv både for bosetting og næringsutvikling. Planen er først og fremst en prioritering av av viktige mål. For å synliggjøre dette, beskriver planen fem målbilder for Agder 2020, som samfunnsbeslutninger kan måles opp mot:

- **Mål 1: Klima: Høye mål - lave utslipp**
I 2020 har Agder posisjonen som en internasjonalt ledende region for klimavennlig produksjon og distribusjon av fornybar energi. Dette skjer ved utbygging av ny fornybar energi og tilrettelegging for kraftutveksling som gir økt leveranse av miljøvennlig energi til kontinentet. Den eksportrettede industrien på Agder framstår som et globalt forbilde gjennom høy innovasjon når det gjelder klimavennlige produksjonsprosesser og effektiv energibruk. Klimahensyn er et overordnet krav i alle regionale og lokale samfunnsbeslutninger.
- **Mål 2: Det gode livet: Agder for alle**
I 2020 er Agder preget av tilflytting og betydelig sterkere vekst i folketallet enn landsgjennomsnittet. I tillegg til at vi tiltrekker oss ny kompetanse og nødvendig arbeidskraft, har vi hatt en vesentlig nedgang av unge på uføretrygd, arbeidsledigheten er under landsgjennomsnittet og en økende andel av befolkningen har høyere utdanning. Samtidig har andelen yrkesaktive kvinner økt markert de siste 10 årene. Agder skiller seg ikke lenger negativt ut på levekårsindeksen og likestillingsindeksen.
- **Mål 3: Utdanning: Verdiskaping bygd på kunnskap**
I 2020 har det regionale kunnskapsløftet gitt betydelige resultater. Gjennom målrettet arbeid på tvers av kommunegrenser og forvaltningsnivåer har Agder lyktes med å heve kvaliteten på alle utdanningsnivåer - fra barnehager til universitetet. Alle som trenger barnehageplass får det, grunnskole-resultatene er over landsgjennomsnittet, frafallet i videregående skole er vesentlig redusert og universitetet gjør seg bemerket både nasjonalt og internasjonalt. Satsingen på økt kompetanse og samarbeid har bidratt til framvekst av en rekke nye gründerbedrifter og et næringsliv som hevder seg i tøff internasjonal konkurranse.



- Mål 4: Kommunikasjon: De viktige veivalgene**

I 2020 kan vi konstatere at åpningen av den nye firefeltsveien mellom Grimstad og Kristiansand i august 2009 var startskuddet for en vellykket samferdselssatsing på Agder. Arbeidet med en sikker motorvei gjennom hele Agder er godt i gang. Utbedring av fylkesveiene har fått et løft, og målrettet trafiksikkerhetsarbeid har gitt positive resultater med reduksjon i de mest alvorlige trafikkulykkene. Kjevik har fått en rekke nye utenlandsruter og er en flyplass som dekker regionens behov, og som er godt rustet for å håndtere ytterligere vekst. Skipstrafikken har økt og det er en naturlig arbeidsdeling mellom havnene i landsdelen. Sikkerheten er ivaretatt ved at det er etablert en fast slepebåtberedskap. Arbeidet med sammenkobling av Vestfoldbanen og Sørlandsbanen er i gang. Kollektivtrafikken har hatt en markert vekst.
- Mål 5: Kultur: Opplevelser for livet**

I 2020 preges det regionale kulturlivet preget av mangfold og skaperkraft. Det er skapt en rekke nye arbeidsplasser i kulturbasert næring. Kultursatsingen har skapt trivsel, styrket den regionale identiteten og bidratt til å gjøre landsdelen enda mer attraktiv. Kulturbygg som Kilden i Kristiansand og Buen i Mandal har hatt betydelige ringvirkninger i forhold til både byutvikling og livskvalitet. Festivalmangfoldet i Agder er større enn noensinne, samtidig som de største musikkfestivalene har blitt nasjonale begivenheter med helårsdrift og god økonomi. De regionale museumssatsingene har ført til markert publikumsvekst og både kultur- og idrettsliv har gode vilkår, blant annet gjennom nye og moderne anlegg en rekke steder i regionen.»

Verdiar i Bygland kommune

Hausten 2013 vart det gjennomført leiaropplæring i kommunen i regi av KS Agder. Som ein del av denne opplæringa har vi arbeidd fram felles verdiar for kommunen. Desse verdiane er forankra i leiinga og med dei tillitsvalde.

Verdiar:

- Stolt
- Framsynt
- Løysingsorientert
- Truverdig
- Lojal

3.0. Folketalsutvikling

Samla folketal i kommunen har utvikla seg slik dei siste åra:

01.01.01	01.01.07	01.01.08	01.07.09	01.07.10	01.07.11	01.07.12	01.07.13	01.07.14
1 341	1 272	1 242	1 247	1 245	1 236	1 214	1 202	1 173

Nedanfor følgjer oversikt som viser samansetning i folketalet:

	01.01.2001	01.07.2009	01.07.2010	01.07.2011	01.07.2012	01.07.2013	01.07.2014
0-5 år:	90	76	71	63	55	60	52
6-15 år:	181	159	160	158	160	151	135
16-66 år:	844	822	819	816	806	800	776
67-79 år:	134	120	126	137	138	129	144
80-89 år:	81	53	51	46	39	45	52
Over 90 år:	11	17	18	16	16	17	14
SUM:	1 341	1 247	1 245	1 236	1 214	1 202	1 173



Med verknad frå budsjettåret 2009 vert rammetilskotet fastsett etter folketalet pr. 01.07. året før. I dette budsjettet har ein lagt til grunn ein prognosemodell frå Telemarksforskning basert på oppdatert folketal per 01.07.14.

For å illustrere kor alvorlig utviklinga er i Bygland kommune er har vi teke inn ein oversikt som viser alderssamansettinga i kommunen 01.01.01 samanlikna med samansettinga i dag. Samla folketal har på 13 år gått ned med 168 innbyggjarar. Dette er ein reduksjon på 12,53 %. Det mest alvorlige i denne oversikten er reduksjonen i aldersgruppa 0-5 år som er redusert med 38, frå 90 til 52 innbyggjarar, og aldersgruppa 6-15 år som er redusert med 46 personer. Summen av denne endringa i demografi fører til ein kraftig reduksjon i inntekter (skatt/ rammetilskot). I tillegg til dette er kommunen forplikta til å levere helsetenester og andre kommunale tenester til om lag 56 elevar på KVS Bygland som ikkje inngår i folketalet i kommunen.


Utvikling framover:

Folketalutviklinga i Bygland er svært usikker, og viser ei meget uheldig utvikling. Dette er avhengig av mange faktorar som inn-/ utflytting, talet på fødde/ døde og tilgang/ avgang på arbeidsplassar. Det er òg viktig med tilgang til attraktive bustadtomter i kommunen og tilgang på attraktive arbeidsplassar i regionen.

Kommunereform

Den viktigaste politiske saka i 2015, er arbeidet med ei framtidig kommunestruktur. Vi har difor teke ut noko informasjon om korleis regjeringa har tenkt å gjennomføre denne prosessen.

Milepæler



Departementet legger opp til to ulike løp:

Løp 1: Kongelig resolusjon

Vår 2016

For kommuner som gjør kommunestyrevedtak i løpet av høsten 2015, vil departementet legge til rette for at sammenslåing skal kunne vedtas på nasjonalt nivå i løpet av våren 2016. I tilfeller hvor kommunene er enige har Kongen i statsråd myndighet til å vedta sammenslåing dersom det ikke medfører endring av fylkestilknytning for mer enn en kommune.

Innen sommeren 2016

Kommunale vedtak om sammenslåing for kommuner som har vedtatt sammenslåing høsten 2015.

1. januar 2018



Sammenslåinger vedtatt i Kgl. res. kan tre i kraft.

Løp 2: Proposisjon om en helhetlig kommunestruktur til Stortinget våren 2017

Våren 2017

Planlagt tidspunkt for fremleggelse av en samlet proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur. Kommunale vedtak som fattes høsten 2015, men som ikke følges opp av kongelig resolusjon våren 2016, vil også bli inkludert i proposisjonen.

Sommeren 2017

Nasjonale vedtak om ny kommunestruktur skal være fattet.

Regjeringen ønsker å flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner. Målet er et lokaldemokrati som kan ivareta velferd og sikre verdiskapning og trivsel. Kommunene må ha kraft til å møte de utfordringene som venter. Det er utfordringer knyttet til demografi, velferd og kompetanse og evne til å utvikle gode og attraktive lokalsamfunn.

Det er 50 år siden forrige kommunereform og kommunene har fått betydelig større ansvar for velferdsoppgaver siden den gang. Samtidig har den statlige detaljstyringen økt, og kommunene har de senere år flyttet flere oppgaver inn i interkommunale samarbeid. Regjeringen ønsker kommuner som er bedre rustet til å håndtere oppgavene de har, og som kan møte de utfordringer og nye oppgaver som kommer i årene fremover.

Regjeringen vil vise mer tillit til lokalpolitikere og gi kommunene mer handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.

I Kommuneproposisjonen 2015 presenterte regjeringen den helhetlige planen for kommunereformen.

Regjeringens mål for en ny kommunereform:

1) Gode og likeverdige tjenester til innbyggerne

Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tjenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bredere tiltaksportefølje, særlig i små og spesialiserte tjenester.

2) Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling

Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.

3) Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner



Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha en mer variert befolknings- og nærings sammensetning. Det gjør kommunene mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.

4) Styrke lokaldemokratiet og gi større kommuner flere oppgaver.

Større og mer robuste kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt lokalt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.

Kilde: Kommunal og moderniseringsdepartementet, regjeringen.no, 27.10.2014

Kommunebarometer

Kommunebarometeret er ei rangering av alle kommunane i landet og bygger på KOSTRA- innrapportering (funksjonsbruk). Barometeret er utarbeida av Kommunal Rapport. Meininga er å gi eit oversiktelig bilete av korleis nøkkeltala til kommunen ser ut, i forhold til resten av landet. Målgruppa er fyrst og fremst lokalpolitikarar i kommunestyret.

I 2014 blei Bygland kommunen nr. 176 på landsbasis og nr 3 i Agder. I 2013 var vi nr. 39 på landsbasis, og best i Agder. I 2011 vart Bygland kommune nr. 230 og nr. 80 i 2012. Så her er det store endringar frå år til år.

Analysen under er basert på endelege KOSTRA- tal 2013.
Karakterane som blei gitt var frå 1 til 6, der 6 er best.

Sektor (vektning i parantes)	Karakter 2014
Grunnskule- GS (20)	4,6
Pleie og omsorg- PO (20)	5,7
Barnevern- BV (10)	4,1
Barnehage- BH (10)	3,5
Helse- HE (7,5)	4,8
Kultur- KUL (5)	4,3
Saksbehandling- SAK (2,5)	3,5
Sosialtjenesten- SOS (5)	-
Økonomi- ØK (10)	6,0
Vann, renovasjon og avløp- VAR (2,5)	2,5
Nærmiljø og klima- MIL (2,5)	1,4
Enhetskostnader- ENH (5)	3,8
Brukerperspektiv- BRUK (2,5)	1,1

Det er følgjande kommentar til kommunebarometeret for Bygland kommune:



- Fallet på totaltabellen henger utelukkende sammen med endring av metoden.
- Ingen god sammenheng mellom nasjonale prøver og avgangskarakterene – hva gjør at elevene presterer så mye bedre på 10. trinn?
- Færre fristbrudd i barnevernet enn i snittkommunen – men veldig mange tiltak utenfor hjemmet.
- Korrigert netto driftsresultat svinger voldsomt fra et år til det neste.
- Barnehage og barnevern trekker opp kostnadene – elevene og sykehjemsplassene er billige.

Del III. Kostra rekneskapstal 2013

Innleiing

Kostra rekneskapstal for 2013 er ein metode for å samanlikne kostnadane i ulike kommunar. Dette talgrunnlaget er nyttig både for administrasjonen i arbeidet med budsjettet og for politikarane i den politiske handsaminga.

I desse oppstillingane er nytta tal frå Bygland kommune, Valle kommune og Iveland kommune. I tillegg er det sett opp kommunegruppe 6 som viser ei samanlikning med kommunar som statistisk er mest lik Bygland kommune. Kommunegruppe 6: ”Små kommuner med høye bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter”. Kommunegruppe 6 er det beste samanlikningsgrunnlaget.

I Agder, Telemark og Rogaland inngår følgjande kommunar i Kommunegruppe 6:
Fyresdal kommune, Åseral kommune, Forsand kommune, Kvitsøy kommune og Bokn kommune.

Finansielle nøkkeltal

Kostra rekneskapstal 2013	Bygland 2013	Iveland 2013	Valle 2013	KG06 2013
KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune				
Finansielle nøkkeltall				
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,4	-1,0	-4,0	1,2
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,2	7,0	-0,2	2,4
Frie inntekter i kroner per innbygger	68 249	61 408	63 839	67 551
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	214,1	134,3	204,0	212,9
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	30,2	43,0	22,0	27,3
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	60 578	19 583	89 156	61 782

Kommentar:

Tabellen viser at Bygland kommune har eit dårlegare brutto driftsresultat enn Kommunegruppe 6. Netto driftsresultat var høgt i 2013. Bygland og Iveland har eit netto driftsresultat vesentlig betre enn 3 %, som er eit tilrådd nivå for god kommuneøkonomi. Kommunegruppe 6 hadde i snitt eit svakare resultat og Valle hadde eit negativ resultat i 2013.

Tabellen viser vidare at Bygland kommune har høg gjeld i høve til brutto driftsinntekter. Dette er omtrent som Kommunegruppe 6 og litt høgare enn Valle kommune. Iveland kommune ligg vesentleg lågare med 134,3 %. Bygland kommune har 214,1 % og Kommunegruppe 6 har 212,9 %. Dette er den mest relevante samanlikninga av gjeld mellom ulike kommunar.

Elles ligg Bygland kommune lågare enn Kommunegruppe 6 i netto lånegjeld i kroner per innbygger.



Prioritering

Kostra rekneskapstal 2013	Bygland 2013	Iveland 2013	Valle 2013	KG06 2013
KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune				
Prioritering				
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	138 085	140 152	219 811	125 063
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor , per innbygger 6-15 år	142 173	156 744	152 206	150 777
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	5 645	2 911	6 315	4 364
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	29 710	14 037	32 223	27 744
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1 533	3 331	3 085	2 512
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	11 880	5 106	3 406	9 640
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	12 628	11 225	16 313	10 779

Tabellen viser at Bygland kommune har høgare netto driftsutgifter til barnehage enn Kommunegruppe 6, men lågare enn Valle kommune og Iveland kommune. Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring er lågare i Bygland kommune enn i Kommunegruppe 6 og dei andre kommunane.

Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta er høgare enn nivået i Kommunegruppe 6. Iveland kommune ligg mykje lågare, medan Valle kommune ligg litt høgare.

Utgiftene til pleie og omsorg ligg høgare enn Kommunegruppe 6. Valle kommune ligg høgare enn Bygland kommune, og Iveland kommune ligg mykje lågare.

Netto driftsutgifter til sosialtenesta ligg lågare i Bygland kommune enn i Kommunegruppe 6 og dei andre kommunane.

Netto driftsutgifter til barnevernstenesta ligg høgare i Bygland kommune enn Kommunegruppe 6, vesentleg høgare enn Iveland og Valle kommune.

Netto driftsutgifter til administrasjon ligg litt høgare i Bygland kommune enn Kommunegruppe 6 og Iveland, men lågare enn Valle kommune.

Dekningsgrad

Kostra rekneskapstal 2013	Bygland 2013	Iveland 2013	Valle 2013	KG06 2013
KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune				
Dekningsgrad				
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	108,5	85,7	96,2	90,3
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,3	11	9	10,7
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	23,3	10,6	27,6	18,8
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	7,9	7,9	17,9	12,2
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	90	100	96,2
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	23	25	28,6	18,5
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	2,3	4,7	5,5	:
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	7,9	4,7	3,1	:
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	58	30	16	310
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	28	20	43	36
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,66	0,66	0,66	..

Bygland kommune har over 100 % dekningsgrad i andel barn med barnehageplass grunna barn frå asylmottaket. Det er verd å merke seg at Bygland kommune ikkje lenger har ein høg andel barn i grunnskulen som får spesialundervisning.

Andel innbyggjarar over 80 år som bur på institusjon er lågast i Bygland kommune samanlikna med Valle og Iveland. Derimot ligg alle tre kommunane høgare enn Kommunegruppe 6. Dekningsgraden på andel plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar er 100 % i Bygland kommune.

Tabellen synar at talet på årsverk i brann- og ulykkesvern per 1000 innbygger er lik for Bygland, Iveland og Valle. Dette er ei lik fordeling av det interkommunale samarbeidet på brann.

Ut over dette viser ein til tabellen.



Produktivitet/ einingskostnader

Kostra rekneskapstal 2013	Bygland 2013	Iveland 2013	Valle 2013	KG06 2013
KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune				
Produktivitet/enhetskostnader				
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	170 904	188 611	227 412	163 316
Korr. brto driftsutg. til grunnskole, spesialskoler, skolelokaler og skoleskyss per elev	129 958	160 196	147 455	150 889
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	14	13	15	9
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	195 471	162 521	265 857	228 695
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	779 500	734 200	910 273	995 783
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	2 768	3 483	2 635	3 881
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	7 236	5 214	2 635	3 356
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2 389	2 813	3 232	2 944
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, vedtatte reguleringsplaner (kalenderdager)	100	..
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, oppmålingsforretning (kalenderdager)	60	50	150	..
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	72 939	88 816	126 733	86 131

Tabellen viser produktivitet/ einingskostnader på ulike område.

Økonomisk ramme 2015 – 2018

4.1. Kommunen sine driftsinntekter

Inntekter (heile 1000 kr)	2015	2016	2017	2018
Driftsinntekter	-22 805	-22 665	-22 727	-22 665
Skatt på inntekt og formue	-27 336	-27 603	-27 870	-28 137
Ordinært rammetilskot	-55 837	-55 898	-56 388	-56 880
Skatt på eigedom	-8 685	-8 685	-8 685	-8 685
Andre direkte eller indirekte skatter(kons.avg. /kons.kraftsal)	-7 104	-6 618	-6 618	-5 906
Andre generelle statsilskot	-3 739	-3 725	-3 688	-3 641
Renteinntekter og utbytte	-7 882	-8 548	-8 548	-8 548
Sum driftsinntekter	-133 388	-133 742	-134 524	-134 462

4.1.1. Avgifter og betalingssatsar

I budsjettet for 2015 er det framlegg om å auke dei kommunale avgiftene med unntak av slamavgifta som vert uendra. Feiaravgifta vert auka med 17,5 % grunna varsling om auka kostnader på feing frå Setesdal Brannvesen IKS. Kloakkavgiftene vert auka med 5 %. Det same gjeld tilkoplingsavgift for kloakk.

Vatnavgiftene vert auka med 10 % for å dekke kostnadene til oppgradering av eksisterande vatnforsyning. Det same gjeld tilkoplingsavgift for vatn.

Slamavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innkøyring og behandling av slam. Kommunen redusera i 2014 slamavgifta med 8 % for å redusere slamfondet. Det er ikkje ordinær slamtømming i 2015. Avgifta vert ikkje auka i 2015.

Renovasjonsavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innsamling og behandling av avfall. Kommunen har nå bruka opp fondsmidlane på renovasjonsfondet og for å dekke kostnadane på renovasjon må avgiftene aukast med 15 %.

Når det gjeld dei andre avgiftsområda viser ein til Gebyrregulativ for 2015.



4.1.2. Skatt på formue og inntekt

Kommunen sine inntekter i form av skatt på formue og inntekt har utvikla seg slik dei siste åra:

2006	24 021 000
2007	22 473 000
2008	26 650 000
2009	27 508 000
2010	26 799 000
2011	24 589 000
2012	26 006 000
2013	26 937 000
2014	27 504 000
2015	27 336 000

Skatteinngangen for 2015 er basert på prognose pr. oktober 2014. Prognosen er basert på skatteinngang 2014 (KS prognosemodell). Det var feil i skatteinngangen for 2007, dette vart retta i 2008.

Selskapsskatten er teken ut med verknad frå 2009.

Skatteinngangen i 2015:

For 2015 er det budsjettert med ein skatteinngang på kr. 27.336.000,-. Ein stor del av skatteinngangen (om lag 20 %) i kommunen kjem frå kraftverk. Denne skatten aukar ikkje så mykje som den øvrige skatten, dette er ein av grunnane til at kommunen sin vekst er lågare enn landsgjennomsnittet. Men ved dagens ordning utløyser dette eit inntektsutjamningstilskot som vert overført i rammetilskotet.

Skatteanslaget for 2015:

Skatteanslaget viser ein nedgang frå 2014 utrekna etter dei siste opphavlege inntektsprognosane i budsjettet for 2014. Dette talet er alltid usikkert og er avhengig av både skatteinngangen i kommunen og heile landet.

Det kommunale skattøyre er redusert til 11,25 % i 2015 frå 11,40 % i 2014.

4.1.3. Eigedomsskatt

Når det gjeld utviklinga av eigedomsskatt i økonomiplanperioden er det fyrst og fremst to forhold ein må ta omsyn til:

- Endringar av regelverket.
- Endringar av skattegrunnlaget.

Kommunestyret vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt for året 2015 jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 2. og vedtek kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2015 jf. esktl. § 10.

Jf. Esktl. § 3. kan kommunestyret skrive ut eigedomsskatt på anten

- a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
- b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
- c) berre på verk og bruk i heile kommunen, eller
- d) berre på verk og bruk og annan nærings eigedom i heile kommunen, eller
- e) eigedom både under bokstav b og c, eller
- f) eigedom både under bokstav b og d, eller
- g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan nærings eigedom.

For eigedomsskatteåret 2015 skal det skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk jf. esktl. § 3 fyste ledd bokstav c.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2015 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.

Kommunestyret fastset at eigedomsskatten skal ytast i 2 -to- terminar per år jf. esktl §25



I 2010 og 2011 vart det gjennomført ei generell omtaksering i kommunen. I budsjettet for 2015 og ut økonomiplanperioden har ein lagt til grunn ein samla eigedomsskatt på kr 8.685.000,- per år.

Maksgrensa for fastsetjing av eigedomsskatt på kraftverk er auka frå 2,47 til 2,74 kr/ kWh med effekt frå 2013. Det er ikkje framlegg om ei ytterlegare heving for 2015. Kapitaliseringsrenta vert framleis 4,5 % i 2015.

Det er ikkje framlegg om å innføre generell eigedomsskatt på hus og hytter i økonomiplanperioden.

4.1.4. Statlege rammeoverføringar

Det statlege rammetilskotet for 2015 er fastsett på bakgrunn av framlegg frå Solberg- regjeringa. Tilskotet inneheld følgjande hovudkomponentar:

	2014	2015	Diff.
Innbyggjartilskot:	27 425 000	26 304 000	-1 121 000
Utgiftsutjamning:	20 847 000	20 238 000	-609 000
Overgangsordningar m.v.:	-74 000	471 000	545 000
Småkommunetilskot:	5 316 000	5 475 000	159 000
Særskilt fordeling:	100 000	101 000	1 000
Ordinært skjønn:	900 000	800 000	-100 000
Komp. nye folketal	0	0	0
Netto inntektsutjamning:	1 887 000	2 447 000	560 000
Bykjetrekk	0	0	0
Selskapskatt	0	0	0
Sum ramme tilskot:	56 401 000	55 836 000	-565 000

Forventa rammetilskot vil nominelt bli redusert med kr 565.000,- i høve anslaget for 2014.

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vart innført att frå 2007. Arbeidsgjevaravgifta er på 10,6 % i 2015.

Kommunen får kr 800.000,- i skjønnsmidlar i 2015. Det er Fylkesmannen i Aust- Agder som fordelar desse midlane.

4.1.5. Frie inntekter

Frå og med 2000 vart det innført eit system med løpande inntektsutjamning. Tidlegare var det slik at kommunar som har lågare skattevekst enn landsgjennomsnittet fekk dette kompensert gjennom rammetilskotet to år etter. Motsett ville ein kommune med høgare vekst enn landsgjennomsnittet bli trekt for dette to år etter. Dagens system inneber at svingingar i skatteinngangen vert utjamna løpande gjennom heile året. Dette skjer gjennom det inntektsutjamnande tilskotet i rammetilskotet. For 2015 utgjer dette tilskotet kr 2.447.000,-.

I rammetilskotet ligg også et tilskot til særskild fordeling på kr 101.000,-. Dette er meint for å styrke helsesystemtilbodet i kommunen. Desse midlane vart forskotert i 2014 ved at budsjettet til helsesystem ikkje vart redusert økonomisk ved nedlegginga av asylmottaket i Bygland ved inngangen til 2014.

Frie inntekter – prognose for perioden 2015 – 2018:

Det som kanskje har mest å seie for kommunen si økonomiske utvikling i økonomiplanperioden er utviklinga i dei frie inntektene. Tabellen nedanfor viser ein prognose for dei neste fire åra. Denne bygger m.a. på følgjande føresetnader:

- Bygland kommune vil ha same skatteutvikling som landsgjennomsnittet.
- Dagens inntektssystem og oppgåvefordeling gjeld.
- Innbyggjartalet i kommunen vil auke utover perioden.
- Skjønnsmidlane frå fylkesmannen er føresette oppretthaldne på dagens nivå (kr 800.000,-).

	2015	2016	2017	2018
Skatt på formue og inntekt:	27 336	27 603	27 870	28 137
Rammetilskudd:	55 836	55 898	56 388	56 880
Sum frie inntekter:	83 172	83 501	84 258	85 017



4.1.6. Andre statlege overføringar

I tillegg til rammetilskotet og dei øyremerka tilskota, som er ført under resultateneingane i driftsbudsjettet, mottek kommunen enkelte andre tilskot som ikkje er øyremerka.

Tilskot til investeringar i samband med "Grunnskolereformen – 1997"

For 2015 utgjer dette tilskotet kr 63.000,-. Dette vert gjeve som kompensasjon for utgifter til renter og avdrag i samband med investeringar knytte til reforma.

Prognose for økonomiplanperioden er følgjande (tal i heile 1000 kr):

2015	2016	2017	2018
63	61	35	0

Ordninga vert avvikla frå 2017, som er 20 år etter ordninga vart innført.

Kompensasjonstilskot - pleie- og omsorgssektoren

I samband med eldresatsinga, som vart vedteken hausten 1997, er det innført eit kompensasjonstilskot til dekking av renter og avdrag i samband med investeringar innan pleie- og omsorgssektoren. Dette tilskotet, saman med oppstartstilskot, gjer at utbyggingar innan denne sektoren i prinsippet skal dekkast fullt ut av staten.

Det er lagt inn eit anslag for 2015 på kr 285.000,-

Rentekompensasjon – skulebygg

Dette er ei ny kompensasjonsordning som vart innført frå og med 2003. Bygland kommune har fått tildelt ei investeringsramme på kr 5.089.000,- som dannar grunnlaget for tilskotet. Det er lagt inn eit anslag for 2015 på kr 91.000,-.

Momskompensasjonsordninga

Det vart frå og med 1995 innført ei momskompensasjonsordning for å dempe konkurransevridinga mellom offentleg og privat produksjon innanfor visse bransjar, m.a. bygg og anlegg. Kompensasjonen vart inntektsført året etter at investeringa var gjennomført.

Med verknad frå 2004 vart denne ordninga utvida, slik at det vart innført ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift til m.a. kommunar. Den nye ordninga går ut på at kommunane får refundert all moms som er betalt til kjøp av varer og tenester, til ikkje- avgiftspliktig verksemd. Refusjonen skal utbetalast og inntektsførast same år som kjøp av varer og tenester skjer. Formålet med utvidinga er å etablere ei ordning som kan motverke konkurransevriding mellom privat og offentleg sektor.

I følgje lov om kompensasjon for meirverdiavgift skal kompensasjonsordninga finansierast av kommunane sjølve. Det vil seie at kommunane blir trekte i rammetilskotet tilsvarande beløp som ein forventar at kompensasjonskravet frå kommunane blir. Bygland vart trekt med kr 2.247.000,- i rammetilskotet for 2006. Dette trekket er rekna ut frå rekneskapsstatistikken for 2003 og 2004 Dette fører til at det er stor uvisse om trekket er rett, og om kommunen faktisk får tilsvarande kompensasjon av moms i 2015.

Frå 2014 vart ordninga endra slik at 100 % av momskompensasjon frå investeringsrekneskapen skal inntektsførast direkte i investeringsrekneskapen. Inntektsanslaget på kr 2.800.000,- i driftsbudsjettet, og kr 3.740.000,- i investeringsbudsjettet i 2015.

I driftsbudsjettet er følgjande kompensasjon utrekna for Bygland (tal i heile 1000 kr):

2015	2016	2017	2018
2800	2800	2800	2800

Integreringstilskot – flyktningar

Kommunen får i ein 5- års periode ein fast sum for kvar flyktning som buset seg i kommunen. I budsjettet for 2015 er det sett av kr 4,5 mill. til slutføring av påbegynt bygging av flyktningbustader. Det er i dag ikkje ledige kommunale bustader som kan nyttast til dette føremålet. Det blei i 2014 tilsett flyktningekonsulent i kommunen, og vi har i 2014 busett ein flyktning under integreringsordninga.



4.1.7. Konesjonskraftinntekter

Den konesjonskraft Bygland som utbyggingskommune har rett til å ta ut vert forvalta gjennom Konesjonskraftfondet IKS. Dette er inntekter som er svært usikre.

For økonomiplanperioden har ein lagt til grunn følgjande årlege inntekt for Bygland (tal i heile 1000 kr):

2015	2016	2017	2018
4504	4018	4018	3306

Det er grunn til å merke seg at inntektene utover i økonomiplanperioden er svært usikre, men det tyder på ein negativ trend.

4.1.8. Inntekter frå Agder Energi A/S

Kommunen fekk i 2014 eit samla utbytte frå Agder Energi AS på kr 7.853.000,-. Dette er ut frå ein eigarandel på 1,11 %. (Utbytte frå overskot i 2013 som vart utbetala i 2014).

Som kjent har eigarkommunane gjennomført ein omfattande salsprosess. Resultatet av denne er at Statkraft SF har kome inn som ny eigar med 45,52 % eigarandel. Av kommunane på Agder var det 11 som valde å ikkje selje nokon av sine aksjar. Blant desse var som kjent Bygland.

I samband med salsprosessen vart det lagt til grunn at eigarane skulle kunne pårekne eit stabilt utbytte i åra som kjem. Dette fordelast etter eit prinsipp om 100 % dekning av dei første 500 mill. + 60 % av overskytande. Etter ei vurdering av opplysningane på eigarmøte har vi budsjettert med eit utbytte på kr 700 mill. i 2015.

Dersom det vert endringar utover dette, vil det bli handsama som eiga sak i Kommunestyret.

Det er grunn til å merke seg at det er stor uvisse knytt til inntektsanslaget, både for 2015 og for perioden 2016-18 som er basert på eit utbytte på kr 800 mill.

4.1.9. Asylmottak

Utgiftskompensasjonen for asylmottaket er ikkje i si heilhet innarbeidd i budsjettframlegget då avgjersla om tildeling av mottak ikkje var endeleg på tidspunktet for budsjettarbeidet. Derimot er det innarbeid eit tilskot til kommunen på kr 500.000,- i 2015 og ut økonomiperioden.



4.2. Kommunen sine driftsutgifter.

Nedanfor har ein sett opp den enkelte resultateneing sin brutto del av totalramma.

	2015	%	2016	%	2017	%	2018	%
Politisk styring og kontroll	2655	1,9	2505	2,0	2655	2,3	2505	2,2
Sentral adm. og fellesutgifter	7314	5,4	7314	5,8	7314	6,3	7314	6,3
Tenestetorg	2625	1,9	2625	2,1	2625	2,3	2625	2,3
IKT	2700	2,0	2700	2,1	2700	2,3	2700	2,3
Kyrkjeleg Fellesråd	1240	0,9	1240	1,0	1240	1,1	1240	1,1
Pedagogiske fellestenester	1268	0,9	1268	1,0	1268	1,1	1268	1,1
Frivilligsentral	676	0,5	676	0,5	676	0,6	676	0,6
Kultur, bibliotek, bygdebok	2329	1,7	2189	1,7	2189	1,9	2189	1,9
LMT	702	0,5	702	0,6	702	0,6	702	0,6
Bygland Oppvekstsenter	16889	12,4	16589	13,1	16589	14,3	16589	14,3
Byglandsfjord Oppvekstsenter	10462	7,7	10462	8,2	10462	9,0	10462	9,0
NAV	1787	1,3	1787	1,4	1787	1,5	1787	1,5
Helse	11513	8,4	11513	9,1	11513	9,9	11513	9,9
PLO	36906	27,0	34906	27,5	34906	30,1	34906	30,0
Barnevern	2764	2,0	2764	2,2	2764	2,4	2764	2,4
Drift og Forvaltning ekskl. VARF	19419	14,2	19419	15,3	19419	16,7	19419	16,7
Drift og Forvaltning VARF (vann, avlaup, renovasjon og feiing)	7900	5,8	7853	6,2	-3696	-3,2	-3395	-2,9
Uspesifisert utgiftsreduksjon/ innføring eigedomsskatt	0	0,0	-4149	-3,3	-3696	-3,2	-3395	-2,9
Andre utgifter	7530	5,5	4530	3,6	4530	3,9	4530	3,9
Sum driftsutgifter	136679	100,0	126893	100,0	115947	100,0	116399	100,0

4.2.1. Løns- og prisvekst

Regjeringa legg til grunn ein gjennomsnittleg prisauke for kommunale utgifter (inkl. lønsutgifter) på 3,0 %. Dette er den såkalla deflatoren.

Deflatoren er samansett av følgjande komponentar:

Lønnsvekst	3,3 %
Prisvekst på varer og tenester	2,5 %
Veid indeks	3,0 %

På lønspostane har ein lagt inn alle auka utgifter som er kjent per i dag. Lønsoppgjeret for 2014 vart forseinka hausten 2014 og det er derfor anslegen en pott på kr 1.000.000,- i budsjettet for 2015 til å dekkje denne lønsauka. For å dekke lønsauke i løpet av 2015 er det lagt inn ein reserve på kr 2.000.000,-. Dersom denne ramma vert for liten, må det resterande dekkast inn av resultateneingane.

4.2.2. Pensjonsutgifter

Kommunesektoren har dei siste åra opplevd ein formidabel auke i pensjonsutgiftene. Frå og med rekneskapsåret 2003 kom det nye reglar for føring av pensjon. Desse reglane skal føre til at pensjonsbelastninga kan fordelast over fleire år, slik at kommunen sine utgifter til dette vert meir stabile. I samband med dette vedtok kommunestyret å fordele desse utgiftene på 15 år. Med verknad frå 2011 vert desse fordelt over 10 år. Frå og med 2015 skal premieavviket fordelast over 7 år. Dette aukar amortiseringskostnadane våre slik at vi ikkje kan budsjettere med positivt netto premieavvik i 2015.



4.2.3. Rente- og avdragsbelastning

Kommunen si netto lånegjeld pr. 01.01.2015. er berekna til kr 105.167.000,-, der startlån utgjer kr 12.535.000,-.

Kommunen si lånegjeld har vore relativt stabil dei siste åra. Tabellen viser netto lånegjeld pr. innbyggjar og langsiktig gjeld i % av driftsinntektene (Kostra tal 2013) :

Kostra rekneskapstal 2013	Bygland 2013	Iveland 2013	Valle 2013	KG06 2013
KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune				
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	214,1	134,3	204	212,9
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	60578	19583	89156	61782

Kommunen sine rente- og avdragsutgifter i 2015 er budsjettert til kr 6.056.000,-. Av dette utgjer renteutgiftene kr 2.578.000,- med 2,25 % rente. Med verknad frå 2013 er det framlegg om å redusere avdraga til minimumsavdrag jamfør Kommunelova § 50 nr. 7. Dette gjev ei innsparing på om lag kr 1.200.000,- for 2015. Det er budsjettert med 2,25 % rente i resten av økonomiplanperioden.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til følgjande driftsutgifter:

	2015	2016	2017	2018
Renteutgifter – alle lån:	2 578 000	2 587 000	2 590 000	2 476 000
Avdragsutgifter - ordinære lån:	3 478 000	3 592 000	3 706 000	3 669 000
SUM:	6 056 000	6 179 000	6 296 000	6 145 000

Det er ikkje lagt opp til å ta opp ordinære lån til investering i 2015. Investeringane finansierast med ubrukte lånemidlar frå 2014. Til startlån er det budsjettera med låneopptak på kr 1.500.000,- i 2015 og tilsvarande beløp i alle år i økonomiplanen. Utgifter til renter og avdrag på kr 6.056.000,- er lagt inn i budsjettet. I resten av økonomiplanperioden er det lagt opp til nytt ordinært låneopptak til investering på kr 7.120.000,- i 2016 og ingen ordinære låneopptak i 2017 og 2018.

4.2.4. Bompengar

Kommunestyret har vedteke ei tilskotsordning for dei som pendlar gjennom bommen på kommunegrensa til Valle. Bommen er lagt ned og ordninga er avvikla.



I økonomiplanperioden er utviklinga som følgjer (i 1000 kr):

Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet Bygland kommune						
		Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1	Skatt på inntekt og formue	-27 504	-27 336	-27 603	-27 870	-28 137
2	Ordinært rammetilskot	-56 401	-55 836	-55 898	-56 388	-56 880
3	Skatt på eigedom	-8 683	-8 685	-8 685	-8 685	-8 685
4	Andre direkte eller indirekte skatter(konsavg.konskrsal)	-8 361	-7 104	-6 618	-6 618	-5 906
5	Andre generelle statstilskot	-6 721	-3 739	-3 725	-3 688	-3 641
6	Sum frie disponible inntekter	-107 670	-102 700	-102 529	-103 249	-103 249
7	Renteinntekter og utbytte	-8 548	-7 882	-8 548	-8 548	-8 548
8	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	2 750	2 578	2 587	2 590	2 476
9	Avdrag på lån	2 700	3 478	3 592	3 706	3 669
10	Netto finansinntekter	-3 098	-1 826	-2 369	-2 252	-2 403
11	Til dekning av tidlegare års rekneskapsm. meirforbruk	-	-	-	-	-
12	Til ubundne avsetningar	235	-	-	-	-
13	Til bundne avsetningar	3 100	3 100	3 100	3 100	3 100
14	Bruk av tidlegare års rekneskapsm. mindreforbruk	-	-	-	-	-
15	Bruk av ubundne avsetningar	-2 965	-9 918	-	-	-
16	Bruk av bundne avsetningar	-2 270	-2 530	-2 430	-2 430	-2 430
17	Netto avsetting	-1 900	-9 348	670	670	670
18	Overført til investeringsrekneskapet	3 770	-	-	-	-
19	Til fordelt drift	-112 668	-113 874	-104 228	-104 831	-104 982
20	Sum fordelt til drift (frå skjema 1 B)	108 898	113 874	104 228	104 831	104 982
21	Meirforbruk/mindreforbruk = 0	-	-	-	-	-

Kommentarar:

2014-budsjettet som ligg inne i oversikten over, er opprinnelig budsjett som vart endra gjennom året 2014. Det reviderte budsjettet for 2014 vart eit 0 budsjett med høgare driftsutgifter og inntekter. For 2015 og ut økonomiperioden er inntekta vesentleg redusert. Vi har ei kostnadsauke som i hovudsak er knytt til generell lønsauke. Vi har hatt ein vekst i rammetilskot som er lågare enn pris og lønsauka i kommunen.

Den ordinære drifta i 2015 gjev oss eit underskot tilsvarende kr 7.918.000 som vert dekkja inn frå disposisjonsfondet. For økonomiplanen vidare er det lagt inn ein uspesifisert kostnadsreduksjon i drifta på kr 4.530.000 i 2016, kr 3.696.000 i 2017 og kr 3.395.000 i 2018. Desse tala er satt ut i frå eit 0 budsjett, gitt likt grunnlag for driftskostnader gjennom heile økonomiplanperioden.

Utgifter til renter og avdrag har auka som fylgje av stort låneopptak til investeringar i 2014.

I 2015 vert det store vedlikehaldsutgifter i samband med PU bustadene på Byglandsfjord på kr 2.000.000,-. Dette er ei eingongsutgift, som vert dekkja inn gjennom bruk av disposisjonsfond. Midlane vart budsjetterte i 2014, men ikkje nytta i si heilhet då arbeidet ikkje blei ferdigstilt i 2014. Dei kjem difor att i budsjett for 2015.

4.2.5. Finansiering av investeringar

Finansiering av investeringar i 2015 vert dekkja av ubrukte lånemidlar frå 2014..



4.2.6. Ubundne investeringsfond

Kommunen har i dag kr 2.517.000,- i ubundne investeringsfond . Ut over dette har kommunen Byglandsfjordfondet på kr 15.250.000,- der ein ikkje kan nytte grunnkapitalen til investeringsføremål. Det er ikkje budsjettert med bruk av avkastninga av fondet.

4.2.7. Konesjonsavgifter

Kommunen har årlege konsesjonsavgifter på om lag kr 2.600.000,- i året. 01.01.2014 var det innestående kr 2.874.000,- på næringsfondet.

Status i Byglandsfjordfondet:

Næringsfond	19 391 000
Grunnkapital	-15 250 000
Disponibelt	4 141 000

Bruk næringsfond 2015	
Tilskot til Setesdal Regionråd	1 300 000
Tilskot til reiseliv	60 000
Tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Setesdal	25 000
Tilskot til Bygland Sikringsradiolag (avtale om drifting)	5 000
Landbruksstilskot medrekna kjøp av mjølkekvotar	200 000
Ose Turistheim	40 000
Næringsstilskudd	200 000
Fiberprosjekt	400 000
Næringsutvikling - (Andel lønn)	200 000
Kommunestruktur - Utgreiingsmidlar	100 000
Sum:	2 530 000

Kommunen sin økonomisjef har frå 2014 også fungert som næringssjef i kommunen. Han har arbeidd med næringsutvikling saman med ordførar og rådmann som har utgjort kommunens næringsapparat. Det er budsjettert med kr 200.000,- i 2015 som andel av lønn til næringssjef. I tillegg er det sett av kr 200 000,- til næringstilskot for 2015.

Det er lagt inn 400.000,- til utbygging av fiber i Bygland kommune.

Tilskotet til landbruket, medrekna mjølkekvotar utgjer kr 200.000,-.

Det er sett av kr 100.000,- til utgreiingsmidlar for framtidig kommunestruktur.

4.2.8. Disposisjonsfond – drift

Kommunen har per 01.01.2014 kr 13.580.000,- på disposisjonsfond. Det var i 2014 budsjettert med fondsbruk på kr 2.965.000,- til oppussingskostnader i samanheng med PU utbygginga på Byglandsfjord og varmpumper til gymsalen på Bygland. Dette prosjektet er forseinka og det er rekna å dra med seg kr 2.000.000 av desse midlane inn i 2015.

Reell saldo på disposisjonsfondet vil då vere kr 10.615.000,-

I tillegg kjem bygdebokfondet på kr 4.000.000,- og DFV fondet på kr 1.000.000,-



5. Investeringsbudsjettet.

5.1. Investeringar i budsjettet for 2015.

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2015 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 28.240.000,-. Investeringsbudsjettet inneheld følgjande investeringar:

	2015
Investeringar:	
Kartverk/ Geovekstprosjektet	250
Toalettanlegg Prestneset	300
Kjøle og ventilasjonssystem - Byglandsheimen	400
GPS - Landmåling	300
Kaldlager Nesmoen - Grunnarb. og el.	150
Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel (tippemiddel basert)	300
Prosjekt PU bustader for menneske med psykisk utviklingshemming og psykiske lidningar	12 000
Nøkkelsystem til kommunale einingar	300
Prosjekteringskostnad- Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi	100
Vatn frå Bfjord til Grendi og kloakk omvent - Anleggskostnad	6700
Naudstraumsagregat adm bygg	200
Avdrag Startlån til Husbanken	700
Startlån	1500
Tilbakeslagsventilar VAR - Kloakkrensing	120
Tilbakeslagsventilar VAR - Vassverksdrift	120
Flyktningbolig 2-mannsbolig	4500
Overvakingssystem på kloakkpumpetasjon VAR	300
Avsetning	
Sum investeringar	28 240

Kort kommentar til dei einskilde tiltak for 2015:

Kartverk- Geovekstprosjektet

Årleg hending for å ha ajourført kartverk. Samarbeid med Statens kartverk.

Toalett Prestneset

Det har vore arbeid i mange år for å byggje nytt toalettanlegg på Prestneset. Kommunen må finne ei varig løysning på dette behovet. Det er framlegg om å setje opp eit separat bygg til føremålet. Dette bør vere klart før sommarsesongen 2015.

Kjøle- og ventilasjonssystem Byglandsheimen

Det er sett av kr 400.000,- til vidare opprusting av kjøle- og ventilasjonssystem på Byglandsheimen. Vernerunden Pleie og Omsorg avdekka større problem med dette. Anlegget er gammalt. Dette gjeld for avdeling A, C og D

GPS - Landmåling

Vi har i dag gammalt utstyr saman med Iveland. Vi har eit behov for oppdatert utstyr ved kartlegging av VA-nettet og anna innmåling som vi i dag må leige tenester for å få utført. Kjøp av nytt utstyr.



Kaldlager på Nesmoen

Det er behov for grunnarbeid og elektrikkararbeid i samband med å setje opp den gamle telthallen frå sandlageret på Byglandsfjord. Blir eit nytt kaldlager for DFV på Nesmoen.

IFK- plan

Det er sett av kr 300.000,- til kommunal eigenandel i samband med gjennomføring av prioriterte tiltak i IFK- planen. IFK- planen vert handsama i kommunestyret som eiga sak.

Prosjekteringskostnad - Bustader for menneske med psykisk utviklingshemming og psykiske lidningar

Arbeidet med nytt PU bygg på Byglandsfjord er starta i 2014. Prosjektet er forseinka og vil gå inn i 2015. Anbudet syner auka bruttokostnadar til prosjektet, men det er signalisera auka tilskotssatsar frå regjeringa. Det er knytt uvisse omkring endelege tilskot og ramma vert auka med kr 1.800.000,- for å ha finansiell dekning for prosjektet i gjennomføringsfasen. Ekstra kostnadar omfattar prisauka, uføresette hendingar og ekstern byggeleing som ikkje var med i kostnadsbilete i budsjett 2014.

Nøkkelsystem til kommunale einingar

Det er sett av kr 300.000,- til kjøp nytt nøkkelsystem til kommunale einingar. System vi har i dag går ut av produksjon, og tilgang på reservenøklar vil forsvinne. Prosjektet er vidareført frå 2014.

Prosjekteringskostnad og utbygging - Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi

Det er sett av kr 100.000,- i 2015 til detaljprosjektering og kr 6.700.000,- til bygging av nytt system for vatn til og avlaup frå Neset og Grendi. Målet er å setje i gong med hovudprosjektet vår/sommar 2015. Hovudprosjektet er vidareført frå 2014.

Naudstraumsaggregat kommunehuset.

Det er sett av kr 200.000,- til innkjøp av nytt mobilt naudstraumsaggregat på kommunehuset. Dette er nødvendig for å sikre straumforsyning i ei eventuell krise. Det er og ei oppfølging av beredskapstilsynet hausten 2013. Prosjektet er vidareført frå 2014, då en ventar på at huseigar skal gjere klart til installasjon av aggregatet.

Tilbakeslagsventilar vatn og kloakksystem.

Det er sett av kr 240.000,- til kjøp av tilbakeslagsventilar. Dette som oppfølging av tilsyn frå Mattilsynet på ettersommaren 2013. Prosjektet er vidareført frå 2014.

Bygging av flyktingebustad/Utleigebustad.

Det er sett av kr 5.000.000,- til bygging av flyktingebustad/utleigebustad i 2014. Etter anbud kan kostnaden reduserast til kr 4.500.000. Det er lagt til grunn eit statleg tilskot på kr 1.800.000,-. Det samla låneopptaket vert dermed kr 2.700.000,- på bustaden. Prosjektet er starta i 2014 og blir bygd i 2015. Det er lagt opp til tilsvarende bygging i 2016.

Overvakingsystem på kloakkpumpestasjonen.

Det er sett av kr 300.000,- til kjøp av overvakingsystem på kloakkpumpestasjonane våre. Dette er ei oppfølging av tilsyn frå Mattilsynet på ettersommaren 2013 og må sjåast i samanheng med kjøp av tilbakeslagsventilar nemnde ovaføre. Vidareført frå 2014.

Idrettshall og kulturbygg.

I samband med handsaminga av budsjettet for 2014 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

Bygland kommunestyre vedtek, med bakgrunn i dei ulike alternativa til idrettshall og kulturhus som er framlagt, at det skal byggjast:

- Idrettshall med aktivitetsflate 25x45 m, plassert som vist som alt. 3A. Bygget skal primært byggjast etter modell "Rollaghallen". Det vert søkt samarbeid med nabokommunar for å få hall godkjent som interkommunalt anlegg.
- Det skal vidare byggjast kultur/næringsbygg på Prestneset. Prestegardsløa blir riva.
- Bygland kommune vil arbeide for å finne samarbeidspartnarar, private og/eller offentlege, som vil vere med på å skape kulturbasert næring i tilknytning til kultur/næringsbygg. "Nasjonalt lusekoftecenter" er eit aktuelt prosjekt i høve dette, men det må bli arbeid med også å finne anna kulturrelatert næringsverksemd. Det må difor arbeidast med både sjølve bygget og å etablere kulturbasert næring.
- Arbeidet med detaljprosjektering/innhenting av anbud på byggjearbeida, skal fullførast innan



01.10.2014.

- Som byggekomite for bygging av idrettshall vert oppnevnt:
Harald Lidi, Leif Sigurd Helle, Tor Kasin, ein representant frå Bygland IL og ein representant frå rådmannen
- Som komite for bygging av kulturhus/næringsbygg og å etablere næringsretta kultur vert oppnemnd:
Ordførar Leiv Rygg, Sigbjørn Åge Fossdal og Signe Sollien Haugå frå Bygland husflidslag i tillegg til ein representant frå rådmannen
- Innhenta anbod, inkl. finansieringsplan, skal godkjennast av kommunestyret, før arbeida vert igongsett.
- Det vert avsett kr. 2.000.000,- i budsjettet for 2014 til detaljprosjektering og innhenting av anbod. Kostnadene til utbygging vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan for 2015-2018, når endelege byggekostnader er kjent.
- Formannskapet fær fullmakt til å utforme mandat til komiteane.

Formannskapet gjorde i F.sak 9/14 den 29.01.2014 følgjande vedtak :

Formannskapet vedtek mandat for idrettshallen slik:

Det vert vist til kommunestyret sitt vedtak den 17.12.13 sak 73/13.

Byggekomiteen for bygging av idrettshall har ansvaret for at det innan 01.10.2014 vert gjennomført detaljprosjektering av idrettshall som føresett i kommunestyrevedtaket.

Byggekomiteen skal ivareta Bygland kommune sitt ansvar som tiltakshavar for prosjektet, både i høve til prosjektering og ved eventuell seinare bygging.

Rådmannen engasjerer firma / person(ar) til å ivareta prosjektleiing og prosjekteringsleiing.

Vedtek kommunestyret bygging så gjeld dette også byggeleiing. Den engasjerte prosjektleiaren rapporterer til byggekomiteen.

Den økonomiske ramma for dette arbeidet er sett til 1.000.000.- kr.

Formannskapet vedtek mandat for kulturhus/næringsbygg slik:

Det vert vist til kommunestyret sitt vedtak 17.12.13 sak 73/13.

Komite for bygging av kulturhus/næringsbygg og etablering av næringsretta kultur (heretter kalla komiteen) har ansvar for at det innan 1.10.2014 vert gjennomført detaljprosjektering av eit bygg for kultur og næring som føresett i kommunestyrevedtaket.

Komiteen skal ivareta Bygland kommune sitt ansvar som tiltakshavar for prosjektet, både i høve til prosjektering og ved eventuell seinare bygging.

Rådmannen engasjerer firma / person(ar) til å ivareta prosjektleiing og prosjekteringsleiing.

Vedtek kommunestyret bygging så gjeld dette også byggeleiing.

Den økonomiske ramma for dette arbeidet er sett til 1.000.000,- kr.

Komiteen skal gå breidt ut mot lokale og regionale aktørar som kan vere interessert i kulturell næringsutvikling.

Komiteen jobbar mot eit mål om at drifta av kultur/næringsbygg skal være økonomisk berekraftig.

Det er i 2014 kjøyrt prosessar der det er henta inn anbod på både bygga.



Resultatet av prosessen for idrettshallen syner følgjande kostnader:

Prosjekt Idrettshall	
Brutto byggekostnad inkl mva	26 950 000
Prosjekteringskostnader	1 300 000
Estimerte følgjekostnader	980 000
Sum inkl. mva	29 230 000
Refusjon mva	5 846 000
Eksterne tilskot	9 243 333
Netto prosjektkostnad	14 140 667
Estimerte kapitalutgifter:	
År 1-3, per år	1 283 467
Fra år 4 og utover, per år	677 121
Estimerte årlege driftskostnader *	700 000
* Driftskostnader er basert på eit intervall mellom 500.000,- og 900.000,-	

Prosjekt Kulturbygg	
Brutto byggekostnad inkl mva	15 360 000
Prosjekteringskostnader	550 000
Estimerte følgjekostnader	307 200
Sum inkl. mva	16 217 200
Refusjon mva	3 243 440
Eksterne tilskot	3 000 000
Netto prosjektkostnad	9 973 760
Estimerte kapitalutgifter:	
År 1-3, per år	702 459
Fra år 4 og utover, per år	501 348
Estimerte årlege driftskostnader *	400 000
* Driftskostnader er basert på eit intervall mellom 300.000,- og 500.000,-	

Etter ei heilskapleg økonomisk vurdering er ikkje desse prosjekta innarbeidde i budsjettet for 2015.

Finansiering av investeringar 2015

	2015
Finansiering:	
Avdrag Startlån frå lånetakarane	700
Tidlegare avsetningar	0
Låneoptak/Ubrukte lånemidler	15 500
Tomtesal	500



Bustadsal	0
Tilkoblingsavgifter/ refusjonar	1 000
Statstilskot bustader	6 800
Bruk av fond	0
MVA komp. i investering	3 740
Overføring frå/til driftsbudsjettet	0
Sum finansiering	28 240

5.2. Investeringar i økonomiplanperioden

	2015	2016	2017	2018	SUM
Investeringar:					
Kartverk/ Geovekstprosjektet	250	250	250	250	1 000
Toalettanlegg Prestneset	300				300
Kjøle og ventilasjonssystem - Byglandsheimen	400				400
GPS - Landmåling	300				300
Kaldlager Nesmoen - Grunnarb. og el.	150				150
Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel (tippemiddel basert)	300	300	300	300	1 200
Prosjekt PU bustader for menneske med psykisk utviklingshemning og psykiske lidingar	12 000				12 000
Nøkkelsystem til kommunale enheter	300				300
Prosjekteringskostnad- Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi	100				100
Vatn frå Bfjord til Grendi og kloakk omvent - Anleggskostnad	6700				6 700
Prosjekteringskostnad- Renseanlegg Bygland		500			500
Vatn til og avlaup frå Landeskogen		3400			3 400
Opprusting av veg Landeskogen		1500			1 500
Toalettanlegg Reiårsforsen Camping		300			300
Toalettanlegg Dalebukta		300			300
Naudstraumsagregat adm bygg	200				200
Avdrag Startlån til Husbanken	700	800	900	1000	3 400
Startlån	1500	1500	1500	1500	6 000
Tilbakeslagsventilar VAR - Kloakkrensing	120				120
Tilbakeslagsventilar VAR - Vassverksdrift	120				120
Flyktningbolig 2-mannsbolig	4500	4500			9 000
Overvakingssystem på kloakkpumpest	300				300
Avsetning					0
Sum investeringar	28 240	13 350	2 950	3 050	47 590

Kommentar til dei einskilde tiltak for økonomiplanperioden 2016-2018 :

Digitalisering av kartverk

Det er lagt inn kr 250.000,- til digitalisering av kartverk i år 2016, 2017 og 2018. Dette er eit nasjonalt samarbeidsprosjekt med Statens kartverk som pådrivar, og som sikrar framtidige kartdata forankra i gjeldande regelverk for kartopplysningar.



Prosjekteringskostnad – nytt renseanlegg på Bygland

Det er sett av kr 500.000,- til prosjektering av nytt renseanlegg på Bygland i 2016. Dette er for å møte framtidige krav til avlaupstillhøva på Bygland.

Landeskogen – bygging av nytt avlaupssystem og vatnforsyning.

Det er sett av kr 3.400.000,- til bygging av nytt avlaupssystem og vatnforsyning til Landskogen i 2016. Må sjåast i samanheng med opprusting av veg til Landskogen. Det er rasjonelt å leggje røyr samstundes som ein bygger veg.

Landeskogen – opprusting av veg.

Det er sett av kr 1.500.000,- til opprusting av vegen til Landskogen i 2016. Sjå punkt ovaføre.

Toalettanlegg Reiårsfossen Camping.

Det er sett av kr 300.000,- til bygging av nytt toalettanlegg på Reiårsfossen Camping i 2016. Ein må utarbeide ein samarbeidsavtale med eigaren av Reiårsfossen Camping. Ein tek sikte på at tiltaket kan delfinansierast av eksterne midlar.

Toalettanlegg Dalebukta.

Det er sett av kr 300.000,- til bygging av nytt toalettanlegg i Dalebukta i 2016. Utviklinga av hytteområdet har midlertidig stoppa opp. Ein må utarbeide ein samarbeidsavtale med ansvarlig utbyggjar eller eigar. Ein tek sikte på at tiltaket kan delfinansierast av eksterne midlar.

Bygging av flyktingebustad/Utleigebustad.

Det er sett av kr 4.500.000,- til bygging av flyktingebustad/utleigebustad i 2016. Det er lagt til grunn eit statleg tilskot på kr 1.800.000,-. Det samla låneopptaket vert dermed kr 2.700.000,- på bustaden. Bustaden er en vertikaldela tomannsbustad.

Kommentar

På nokre av prosjekta som t.d. vatn og kloakk til/frå Grendi, gjer ein merksam på at dette er kostnadsoverslag. Eksakt kostnad får ein først når prosjekta har vore ute på anbod. Enkelte mindre prosjekt har vore inne i økonomiplanen tidlegare, men etter ei totalvurdering har dei ikkje blitt prioritert i 2015.

5.3. Utlån

Det er framlegg om å halde fram med å låne kr 1.500.000,- kvart år i startlån frå Husbanken. Det har tidlegare vore låneopptak på kr 3.000.000 kvart år, men etter innskjerpa tildelingsreglar frå Husbanken, gjeldande frå 01.04.2014, er talet på søknadar redusert. Bygland kommunes retningslinjer for tildeling av startlån frå 2012, er av Husbanken sett på som ikkje gjeldande etter den nye forskrifta trådde i kraft frå april 2014. Ved behandling av startlån i Bygland kommune vert forskrifta frå Husbanken lagt til grunn ([FOR-2014-03-12-273](#)).



5.4. Finansiering av investeringsbudsjettet

Investeringsbudsjettet er finansiert på følgjande måte:

	2015	2016	2017	2018	SUM
Finansiering:					
Avdrag Startlån frå lånetakarane	700	800	900	1000	3 400
Tidlegare avsetningar	0	0	0	0	0
Låneopptak/Ubrukte lånemidler	15 500	9 120	1 500	1 500	27 620
Tomtesal	500	500	440	440	1 880
Bustadsal	0	0	0	0	0
Tilkoblingsavgifter/ refusjonar	1 000	0	0	0	1 000
Statstilskot bustader	6 800	1 800	0	0	8 600
Bruk av fond	0	0	0	0	0
MVA komp. i investering	3 740	1 130	110	110	5 090
Overføring frå/til driftsbudsjettet	0	0	0	0	0
Sum finansiering	28 240	13 350	2 950	3 050	47 590

Lånegjelda på ordinære lån vil auke i 2016. I rada for låneopptak ligg kr 1.500.000,- som er låneopptak til startlån i heile perioden. Dersom vi har ubrukne lånemidler att frå 2015 vil låneopptaket i 2016 reduserast tilsvarande.

Inntektene frå tomtsal er budsjetterte med kr 500.000,- i 2015 og 2016. Deretter er det lagt inn kr 440.000 ut perioden. Sal av tomter på Bygland/ Byglandsfjord vil finansiere planlagde investeringar og/eller redusere lånegjelda.



Del IV. Budsjettrammer for dei einskilde resultateneingar

Politisk styring og kontrollorgan

Omtale av eininga:

Rammeområdet omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter, utgifter i samband med møte osv. I tillegg omfattar kapittelet kommunen sine utgifter til Setesdal Revisjonsdistrikt.

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
1. Politisk styring og kontroll						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2655	2655	2505	2655	2505	10320
Netto	2655	2655	2505	2655	2505	10320

Kommentar:

Utgiftene til politiske møte er budsjettert etter same møteaktivitet som i 2014. Budsjettramma er redusert i høve driftsnivået i 2014. Forventa auka utgifter til kommunevalet i 2015 og stortingsvalet i 2017 er lagde inn.

Det er lagt opp til ei ordning der einingane får kompensert ekstrautgifter for tilsette som er politikarar. Denne ordninga er avgrensa av utgifter knytte til faktisk vikarbruk.

Konto for tilleggsløyving til politiske utval er teke ut i budsjett 2015 og utover i økonomiplanen. Det er halde att ei tilleggsløyving til Kommunestyret på kr 10.000,-. For dei einskilde utval er det budsjettert med følgjande tilleggsløyvingar kvart år i perioden:

Kommunestyret:	Kr. 10.000,-.
Formannskapet:	Kr. 0,-
Kultur og oppvekst:	Kr. 0,-
Rådet for eldre og funksjonshemma	Kr. 0,-
SUM:	Kr. 10.000,-.

I Kommunestyret 25.01.12 vart det vedteke ny godtgjersle til politikarane. Desse satsane er vidareførte i budsjettframlegget.

Det er vidare budsjettert med midlar til Agder Sekretariat og Setesdal Revisjonsdistrikt IKS. Kostnadane til revisjonen er auka som fylgje av vedtak frå Representantskapet for Setesdal Revisjonsdistrikt IKS i 2014. Kommunane blir nå fakturerte for arbeid utover ordinær revisjon, som t.d. attestasjon på momskomp.

Det er sett av kr 50.000,- til tilskotsordning til politiske parti. Kommunestyret har i eiga sak vedteke disponeringa av desse midlane.

Anna:

Dette området er definert som eit rammeområde.

Overordna målsetting for kommunen som tenesteytar

Ambisjon:

I Bygland skal innbyggerane og brukarane vere i fokus, og oppleve kommunen som ein serviceorientert organisasjon og eit truverdig forvaltningsorgan



Service og tenester:

- Ein skal i tenesteproduksjonen ha fokus på innbyggjarservice, og på å gjere brukarane nøgde med tenestene
- Informasjon og kommunikasjon skal vektleggast
- Kommunen skal aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi for å yte god service og gjere tenester lett tilgjengelege
- Bygland kommune skal som arbeidsgjevar nytte kompetanseheving for å utvikle verksemda, leiarane og kvar enkelt tilsett
- Økonomiske og menneskelege ressursar skal nyttast optimalt

Forvaltning:

- Sørge for føreseieleg, konsekvent og lik handsaming av like saker
- Føre god og sakleg argumentasjon for vedtak og avgjerder
- Arbeide for kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming
- Gjere ei heilskapleg vurdering i alle saker, og vurdere dette opp mot føremålet i den aktuelle lova
- Sikre godt fagmiljø gjennom interkommunalt samarbeid

Desse overordna måla for kommunen si verksemd er uttrykte i ny kommuneplan. I tillegg ynskjer rådmannen for budsjettåret 2015 å vidareutvikle arbeidet med å styre etter mål – og resultatindikatorar, og har identifisert følgjande overordna strategiske mål for organisasjonen, for å møte identifiserte utfordringar. Dei einingsvise måla og resultatindikatorar skal sjåast i samheng med desse overordna måla, og vere sektorvise bidrag til å utvikle organisasjonen heilskapleg.

Overordna strategiske mål for organisasjonen:

- Gjennomføre utviklingsarbeid som styrker tverrfagleg ressursutnytting og heilskapelege tenester
- Gjennomføre kompetansetiltak for leiarar og medarbeidarar som styrker drift og utvikling av tenester
- Arbeide aktivt for å rekruttere og halde på tilstrekkeleg bemanning med rett kompetanse
- Styrke heilskapleg samfunnsbygging med vekt på førebyggjande arbeid, kulturelt mangfald og miljø
- Samarbeide lokalt og regionalt for å utnytte kommunen sine ressursar i eit større perspektiv, og løyse ut større fleksibilitet og befolkningsvekst



Rådmannskontoret og Fellesutgifter

Omtale av eininga:

Stabseininga omfattar rådmannskontoret sine oppgåver innan administrasjon, leing og økonomi.

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
2. Sentral adm. og fellesutgifter						
Inntekter	0	-200	-200	-200	-200	-800
Utgifter	7148	7314	7314	7314	7314	29256
Netto	7148	7114	7114	7114	7114	28456

Kommentar:

På dette ansvarsområdet er det i 2015 budsjettert med løn til stab. Det vil bli ein gjennomgang av alle arbeidsoppgåver og ressursar i heile staben for å sjå på alternative løysingar. Målsetjinga er å omdisponere ressursar slik at det ikkje vert nødvendig å nytte heile lønsressursen.

Folkehelsekoordinator:

Bygland kommune har underteikna avtale med Fylkeskommunen om å ha ein folkehelsekoordinator. Folkehelsekoordinator skal ha fokus på førebyggjande helse på tvers av alle einingane i kommunen.

Det er budsjettert med nødvendige utgifter til drift av kontoret.

Personforsikring for alle tilsette i kommunen og kontingentar til organisasjonar som kommunen er medlem i er også budsjettert under dette område.

Det er sett av kr 40.000,- til velferdstiltak og om lag kr 100.000,- til opplæringsmidlar for dei tilsette i kommunen.

Overføringa til Setpro er budsjettert på om lag same nivå som i 2014.

Det er vidare budsjettert med midlar for føring av skatterekneskapen, jf. avtale med Evje og Hornnes kommune.

Det er sett av midlar til Setesdal Bedriftshelseteneste, Aust-Agder Arkivet og Interkommunal Arbeidsgjevarkontroll.

Likestilling:

Lover (likestillingsloven, diskrimineringsloven, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og arbeidsmiljøloven) og avtaleverk (HA) legg føringar på kommunen vedkomande likestillingsarbeidet. Her vert ansvaret òg plassert. I Hovudavtalen står fylgjande:

§ 7 Fremme likestilling og hindre diskriminering

Arbeidet for å fremme likestilling og å hindre diskriminering lokalt tillegges de som har det overordnede ansvar for arbeidsgiverpolitikken i den enkelte kommune/fylkeskommune. Ledere og tillitsvalgte har et særlig ansvar for det løpende likestillings- og ikke-diskrimineringsarbeidet.

Dei sentrale partane skriv vidare:

Det er en målsetting for partene at:

- alle arbeidstakere må gis like muligheter til arbeid og til personlig og faglig utvikling*
- alle arbeidstakere må gis like muligheter med hensyn til tilsetting, lønn, heltidsstilling, opplæring og avansement*
- det ikke må skje usaklig forskjellsbehandling ved innskrenkninger og oppsigelse*
- det rekrutteres flere kvinner til ledende stillinger*
- det rekrutteres flere menn til kvinnedominerte yrker i kommunal sektor*



I kap. om likestilling i personalhandboka har ein lagt vekt på likestilling mellom kjønna. Dette kap. er no under evaluering. Likestillingsomgrepet må no utvidast til også å gjelde etnisitet, alder, legning, funksjonsevne osv. ikkje bare kjøn.

Når det gjeld mål, tiltak, kompetanseutvikling/opplæringsplan osv. viser ein til personalhandboka.

Det er ikkje framlegg om særskilte likestillingstiltak i budsjettet, men tiltak som har økonomiske konsekvensar som t.d. prioritert kompetanseplan er vedteken i AMU og «innbaka» i budsjettet.

OVERORDNA PERSONAL

FOKUSOMRÅDER

Tariffoppgjer og forhandlingar:

I 2015 er det mellomoppgjer. Sentral lønnsauke frå 01.05.15 vart avtalt i hovudoppgjeret 2014. Det er i 2015 bare lokale forhandlingar jf. kap. 5 og 3 i HTA. Ein forventar ein årslønnsvekst på ca. 3,5 %.

Kompetanseutvikling:

Kompetanseutvikling er ein viktig grunnpilar for strategisk verktøy for den vidare organisasjonsutviklinga på alle nivå i kommunen, og ein vil difor ha fokus på dette i 2015 og. Kommunen fylgjer kompetanseplan/opplæringsplan for 2015 vedtatt i AMU.

Det er sett av noko midlar i budsjettet til sektorovergripande kompetansetiltak i tillegg til det som er lagt inn på kvar einskild eining.

Sjukefråver:

Dette blir framleis eit av hovudfokusområda i 2015. Den kvartalsvise rapportering på sjukefråver vil halde fram i 2015. I 3. kvartal i 2014 var det totale sjukefråveret i kommunen på ca. 7,3%. Gjennomsnittet hittil (ut sept.) i 2014 er på ca. 7,6%. Etter eit relativt lågt sjukefråver i 2013 er vi no dessverre attende på 2012 nivå. Arbeidet/fokus på sjukefråver må halde fram i 2015.

KvalitetsLosen – internkontrollsystem:

KvalitetsLosen er i 2014 implementera i den daglege drifta. Mykje personalverktøy ligg der. Fokus i 2015 er vedlikehald og vidareutvikling av dette verktøyet.



Tenestetorg

Omtale av eininga:

Eininga omfattar løn og driftsutgifter til tenestetorget. I dette ligg det 4,05 årsverk, fordelt på 100 % leiar og sakshandsamar, 100 % arkivleiar, 100 % sekretær/sentralbord, 60 % sentralbord og 45 % kommunal fakturering og attestasjon.

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
3. Tenestetorg						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2632	2625	2625	2625	2625	10500
Netto	2632	2625	2625	2625	2625	10500

Kommentar:

Tenestetorget jobbar stadig med å forbetre tenestene sine ytterlegare. Dette gjeld både eksternt mot innbyggerane og internt mot kommunen sine tilsette. Arbeidet i høve internettsida held fram, og ein har planar om å utvikle eit kommunalt intranett. Dette vonar ein skal betre den interne informasjonsflyten for dei tilsette i kommunen.

Innføring av Digipost og elektronisk samhandling trer i kraft i 2015 og det er uvisse knytt til arbeidsmengda dette kan medføre for oss. Det kan fort vise seg at fleire av kommunens innbyggjarar treng innføring og hjelp til å bruke Digipost i kvardagen.

Kvalitetslosen blir koordinert og vidareutvikla blant anna av tenestetorget. Målet er å fremje avviksbehandling som eit viktig verkemiddel i arbeidet med kontinuerleg kvalitetsforbetring for kommunen. Ein arbeider i tillegg med å oppdatere kommunale malar med nytt design.

Politisk sekretariat:

Tenestetorget har eit godt samarbeid med det politiske nivået i kommunen, og ein har innarbeidd samarbeidsrutiner som gjer arbeidet enklare i høve innkallingar og protokollar. Det kan til tider vere ei utfordring at størrelsen på innkallingane er for store i høve iPad, og tenestetorget arbeider for å betre dette. Setesdal IKT er svært hjelpsame med å prioritere arbeidet for å gjere innkallingane «lettare», slik at dei enklare kan opnast på iPad.

Anna:

Tenestetorget må ved årsavslutning sjåast i samheng med resten av ansvarsområdet 2*.

IKT

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
4. IKT						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2700	2700	2700	2700	2700	10800
Netto	2700	2700	2700	2700	2700	10800

Kommentar:

Setesdal IKT omfattar kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland. Selskapet er organisert som eit §27 interkommunalt samarbeid jf. Kommunelova. Samarbeidet starta opp 01.09.11. Hovudkontoret ligg i Bykle, og det er avdelingskontor i Evje og Hornnes. Utgiftene til selskapet vert fordelt etter den vanlege kostnadsnøkkelen (40% likt på kvar kommune og 60% av kostnadene fordelt etter innbyggjartal).

Utgiftene dekker løn, kontorhald, felles lisensar og innkjøp av felles IKT utstyr. Det er vidare budsjettert med noko sal av tenester til felles interkommunale samarbeid.

Det er sett av kr 2.220.000,- til overføring til Setesdal IKT og kr 480.000,- til IKT- utgifter i Bygland kommune.



Anna:

Rådmannskontoret og fellesutgifter, Tenestetorg og IKT er definert som eit rammeområde.

Kyrkjelege føremål

Omtale av eininga:

Eininga omfattar overføring til kyrkjelege fellesråd og tilskot til trdomssamfunn.

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
5. Kyrkjeleg fellesråd og trdomssamfunn						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	1205	1240	1240	1240	1240	4960
Netto	1205	1240	1240	1240	1240	4960

Kommentar:

I 2014 vart det løyvd kr 1.105.000,- . Det er framlegg om å justere det ordinære tilskotet til kr 1.140.000,-. Det er vidare budsjettert med kr 50.000,- i tilskot til andre trdomssamfunn. Frå 2014 overtok kyrkjeverga rekneskapsføringa for Kyrkjelege Fellesråd og sokneråda. For dette arbeidet er det avtala ein kompensasjon på kr 50.000,- som inkluderer både rekneskapsføring og revisjon.

Pedagogiske fellestenester

Omtale av eininga:

Eininga omfattar utgiftene til skulefagleg kompetanse i Bygland kommune og PP-tenesta.

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
6. Pedagogiske fellestenester						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	1101	1268	1268	1268	1268	5072
Netto	1101	1268	1268	1268	1268	5072

Kommentar:

Det er budsjettert med kr 683.000,- (anslag) som Bygland kommune sin andel av utgiftene til PP - tenesta i Valle. Dette er ei auke frå 2014 (kr 465.000,-) grunna at Evje & Hornnes og Iveland kommune har gått ut av felles PPT samarbeid. Ordninga vert vidareført i samarbeid med kommunane Bykle og Valle.

I samband med omlegginga av finansieringsordninga for barnehagane frå 2011, vil inntak av barn busette i andre kommunar ikkje gje same inntekter for barnehagen som tidlegare. Den interkommunal barnehageavtalen med Evje og Hornnes kommune er sagt opp frå Evje og Hornnes med verknad frå skuleåret 2014/2015.

Her kan det òg kome utgifter dersom barn frå Bygland kommune vert teknet opp i private barnehagar. Viser til heimel i forskrift om likeverdig behandling § 11, Refusjon av kostnader knytte til barn frå andre kommuner, «kommuner som har ikke-kommunale barnehager med barn som er bosatt i en annen kommune, har rett til refusjon for kostnader til ordinær drift som ikke dekkes av foreldrebetalingen og andre offentlige tilskudd fra kommunen der barnet er bosatt. Refusjonen skal baseres på nasjonale gjennomsnittssatser for tilskudd til driftskostnader og kapitalkostnader fastsatt av departementet.»



Frivilligsentralen

Omtale av eininga:

Eininga omfattar utgiftene til drift av frivilligsentralen og driftsutgiftene til matombringning.

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
7. Frivilligsentral						
Inntekter	-248	-248	-248	-248	-248	-992
Utgifter	668	676	676	676	676	2704
Netto	420	428	428	428	428	1712

Kommentar:

Det er budsjettert med kr 676.000,- i utgifter og kr 248.000,- i statstilskot til drift av Frivilligsentralen i 2015. Dette inkluderer stillingsressurs til leiar i 80 % stilling.

Kultur, bibliotek, bygdebok, ungdomsklubb

Omtale av eininga:

Kulturområdet har fast tilsett kulturleiar i 60 % stilling og biblioteksjef i 60 % stilling med ansvar for hovudbiblioteket på Bygland og filial på Byglandsfjord. Biblioteksjefen har også 10 % stilling knytt til skulebiblioteket. I Heradshuset på Bygland er det kommunal ungdomsklubb med 25 % stilling.

Kulturområdet omfattar generell kulturadministrasjon, kulturvern og kulturminne, interkommunal kulturskule i samarbeid med Evje og Hornnes, samt administrasjon av bygdebokprosjektet Bygland Gard og Ætt.

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
8. Kultur, bibliotek, bygdebok m.m.						
Inntekter	0	-140	0	0	0	-140
Utgifter	2207	2329	2189	2189	2189	8896
Netto	2207	2189	2189	2189	2189	8756

Kommentar:

Kultur:

Det er budsjettert med kr 225.000,- som skal dekke kulturmidlar, kr 50.000,- per år til Bygland hornmusikk, jf. tidlegare politisk prioritering og kr 13.000,- til fordeling etter regulativ til 17. mai komiteane. I tillegg er det budsjettert med kr 3000 til fast avtale om Rock i Brokke jf. tidlegare politisk vedtak. Vidare er det budsjettert med eit idrett-/kulturstipend på kr 3.000,-. Det er og budsjettert med kr 25.000,- til Honorarfondet, som Bygland kommune er delaktig i jf. tidlegare politisk prioritering.

Det er sett av kr 30.000,- til tilskot til vedlikehald/opprusting av ikkje-kommunale kulturbygg/forsamlingshus. Det vil bli lagt frem eiga sak om fordeling av desse midlane. Det er sett av kr 50.000,- til bygdekino.

Det er budsjettert med utgifter til Setesdalsmuseet IKS etter vedteken samarbeidsavtale.

Ungdomsklubben:

Budsjettet til ungdomsklubben er vidareført på 2014 nivå. Klubben legg opp til aktivitet på måndagar og onsdagar. Ungdomsklubben er eksempel på eit område kultureininga ynskjer å satse meir på, då huset er populært blant ungdomen. Innafor kulturbudsjettet vil me prøve å prioritere oppussing av huset og aktivitetar for ungdomen. Etter kvart kan det bli aktuelt for ungdomsklubben å arbeide meir med prosjekt, for slik å kunne søkje om midlar frå diverse fond.



Bibliotek:

Det er budsjettert med kr 90 000 til kjøp av bøker/musikk/video. I tillegg er det budsjettert med kr 5000 til digitale bøker, eit fellesprosjekt blant kommunane i Aust-Agder. Bygland bibliotek skal elles få ei innvendig oppgradering. Arbeidet har bakgrunn i den nye biblioteklova, som seier at biblioteka skal nyttast til arrangement. Fylkeskommunen går inn med 70 000 til dette. Kommuneplanen seier at Bygland kommune skal vere opne for «nye impulsar og kulturell nyttenking». Digitalisering og oppgradering er eit døme på dette. Oppgraderinga kan leggje til rette for eit «eit rikt og mangfaldig kulturliv».

Bygdeboka:

Kommunestyret handsama vidareføringa av bygdebokarbeidet i møtet 19.06.12, og gjorde følgjande vedtak:

“Kommunestyret løyver ei samla kostnadsramme (netto) på kr 4 000 000 som skal dekke alle utgiftene til å slutføre arbeidet. Dette skal dekke utgiftene til løn, andre driftsutgifter og trykking. Salsinntektene av bygdebøkene vil inngå i prosjektet som ei inntekt. Manus, tekst- og biletmateriale og arkivmateriale må sikrast for ettertida, også elektronisk. Prosjektet vert finansiert med kr 500 000 pr år over driftsbudsjettet (som i 2012) og kr 2 000 000 avsett til disposisjonsfond frå overskotet i 2011. Bygdeboknemnda må saman med den nye bygdebokskrivaren legge fram ein plan for å gjennomføre arbeidet innanfor dei gjevne kostnadsrammer. Dette må gjerast før avtale om prosjektstilling vert inngått.”

Kommunen har engasjert Odne Fardal Klev til å slutføre arbeidet innanfor den gjevne kostnadsramma. Oppstart er planlagt 01.09.2016.

Kommunestyret vedtok ved fordeling av mindreforbruk frå rekneskapen 2013 å avsetje kr 2.000.000,- til Bygdebokfondet. Slik at Bygdeboka no er fullfinansiert ved avsatte fondsmidlar på kr 4.000.000,- (Bygdebokfondet)

Det er ikkje ført opp driftsmidlar frå 2015 og ut økonomiplanperioden.

Overordna mål for verksemda:

Det overordna målet for kulturarbeidet i Bygland kommune finn vi i framlegg til ny kommuneplan:

Bygland skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levevilkår.

Dette er eit overordna mål som fell saman med andre av kommunen sine overordna mål slik det er formulert i ny kommuneplan. I kommuneplanen finn vi også dette:

Kultur og miljø

Ambisjon:

Bygland skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levekår.

Vi er stolte av eit rikt kulturliv med tilbod til dei fleste. Vi satsar på å gje barn og unge identitet og røter ved å føre vidare lokal kultur og tradisjonar. Samstundes vil vi vere opne for nye impulsar og kulturell nyttenking. I kommunen har vi hornmusikk, teaterlag, 4H, ungdomsklubb, idrettslag med aktivitetar og idrett på mange nivå, skyttarlag, jeger- og fiskarlag, leikarring, kulturskule, bygdekino m.m. Heilt lokalt er mykje verdfullt barne- og ungdomsarbeid knytta til dei ulike bedehusa. I tillegg har vi fleire band, lokale musikarar og bygdekor. Mykje skjer, stort sett heile tida for den som vil oppleve og utøve -

Kommunen har eigen plan for idrett, friluftsliv og kulturbygg med handlingsprogram som vert rullert kvart år. Kommunestyret avgjer via budsjettvedtaket kva tiltak som vert finansiert.

Vegen vidare:

- Halde fram å styrke kulturlivet ved å prioritere dette i budsjettsamheng
- Legge til rette for aktiv livstil og rekreasjon ved å betre tilgjenge til utmarka via eit ope nett av skogsbilvegar
- Kommunen skal stimulere til, og leggje til rette for at kulturlandskap og kulturmiljø skal vere viktige ressursar for trivsel og utvikling



Styringsmål:

- Kulturavdelinga støttar opp om arbeidet for barn og ungdom i alle delar av kommunen
- Samarbeidet om den interkommunale kulturskolen og UKM vert vidareført
- Planen for idrett, friluftsliv & kulturbygg vert rullert kvart år med eitt ope orienteringsmøte
- Uteområdet ved Bygland museum/ Prestneset friområde samt Prestegarden/ Prestegardsløa må gjerast ferdig, og det må leggest til rette aktivitetar som høver for området
- Planar for grendehus/ kulturhus i Bygland sentrum, og idrettsbygg ved Bygland skule må avklarast
- Storstoga på Ose bør vurderast overført til Setesdalsmusèet
- Ungdomsklubbane lyt vidareutviklast

Lokamedisinske tenester - Samhandlingsreforma

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
9. Samhandlingsreform/LMT						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2292	702	702	702	702	2808
Netto	2292	702	702	702	702	2808

Kommentar:

Kommunal medfinansiering (KMF) er teken ut frå 2015. Kommunane skal ikkje lenger finansiere dette og mottek heller ikkje rammetilskot for denne finansieringa i 2015.

Kva er samhandlingsreforma?

- Viser veg framover. Gir helsetenesta ny retning.
- Førebygge framfor berre å reparere.
- Tidleg innsats framfor sein innsats.
- Få ulike ledd i helsetenesta til å arbeide betre saman.
- Flytte tenester nærare der folk bur.
- Fleire oppgåver til kommunane og pengar til å utføre dei.
- Samle spesialiserte fagmiljø som er sterke nok.
- Betre for pasientane - sterkare brukarmedverknad.

Når skal reforma gjennomførast?

- Gradvis innføring med start 01.01.2012.
- Oppbygginga av endra helsetilbod i kommunane kjem til å skje over tid.
- Kommunane i Setesdal er alt godt i gang med arbeidet.

Korleis skal vi få det til?

- Ny folkehelselov styrkar kommunane sitt ansvar for førebygging og helsefremjande arbeid i alle samfunnssektorar.
- Ny felles lov for helse- og omsorgsteneste i kommunane.
- Ei felles lov samlar pliktene til kommunane. Det blir ein stad å klage - hos Fylkesmannen.
- Plikt for kommunar og sjukehus til å samarbeide. Kvalitet skal målast betre.
- Pasientar og brukarar får eit tilbod som er lettare å halde seg til, og som heng betre saman.
- Kommunane overtek ansvaret for utskrivingsklare pasientar på sjukehus frå fyrste dag.
- Ny kommunal plikt til å etablere tilbod med øyeblikkeleg hjelp- døgntilbod for pasientar som treng akutt hjelp, eller observasjon. **Plikta skal innførast i perioden 2012- 2016.**
- Den økonomiske ramma til kommunane skal styrkast. Ein større del av veksten i helsebudsjetta skal kome i kommunane i åra framover.
- Betre samarbeid og arbeidsdeling mellom sjukehus.
- Statleg styring av sjukehusa.



Kva endrar samhandlingsreforma for folk flest?

- Lettare å få helsehjelp lokalt.
- Folk skal få bistand til koordinering av behandling og oppfølging.
- Tilbodet i kommunane vil bli breiare.
- Oppfølging av personar med kroniske lidningar vil bli betre.
- Satsing på folkehelse og førebygging skal styrkast. Det vil bli fleire tilbod til dei som ynskjer hjelp til å legge om levevanar som kan føre til sjukdom, t.d. å endre kosthald, kome i gong med fysisk aktivitet, eller stumpe røyken.
- Folk vil også merke meir fokus på helsefremjande arbeid i nærmiljøet.

Kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes arbeider gjennom eit felles interkommunalt Helseprosjekt i regi av Setesdal regionråd for å finne løysingar som skal setje kommunane i betre stand til å handtere utfordringane som følgje av Samhandlingsreforma.

Kommunestyret slutta seg til rapporten om interkommunalt samarbeid helse og lokalmedisinske tenester 09.10.12.

Rapporten omhandlar følgjande delprosjekt:

- Demens og pårørandeskule
- IKT- Helse
- Psykisk helse og rus
- Sjukepleiedokumentasjon
- Hudprosjekt
- Desentraliserte spesialisthelsetenester (LMT)
- Folkehelse, lærings- og mestringsarbeid

Samhandlingskoordinering vs Sørlandet sjukehus – ligg som del av LMT-prosjektet.

I tillegg vert det tilsett ein felles Samhandlingskoordinator med m.a. følgjande funksjonar / oppgåver:

- *Medlem i Overordnet strategisk samarbeidsutvalg (OSS) arbeidsutvalg*
- *Sekretær Regionalt samarbeidsutval (RSU)*
- *Medlem i koordinerande avtalegruppe OSS*
- *Lede, følge opp og utvikle LMT, felles interkommunale helsetjenester for å løse Samhandlingsreformen*
- *Lede/delta i Helsenettverk Setesdal*
- *Oppfølging avtaler SSHF*
- *Bidra til systematisk implementering av samarbeidsavtaler i kommunene*
- *Strategisk samarbeid internt og eksternt*
- *Prosjektkoordinering/ koordinere søknader om tilskudd til samhandlingstiltak*
- *Søknader/rapport tilskudd*
- *Prosessansvarlig for evt. endring av ansvars- og oppgavefordeling mellom kommuner og SSHF (jfr prosedyre i delavtale 1)*
- *Oppfølging av prosess knyttet til delavtale 4 etablering av kommunal ø-hjelpstilbud*
- *Ivareta et helhetlig overblikk over utfordringer og muligheter i forbindelse med reformen på vegne av alle kommunene*
- *Innhente og analysere data mht bruk av spesialisthelsetjenester*
- *Informasjonsarbeid*
- *Systemarbeid i samarbeid med Helsenettverket*
- *Koordinering IKT helse og satsing på velferdsteknologi i samarbeid med Setesdal IKT*
- *Helseovervåking i samarbeid med kommuneoverlegene*
- *Utarbeide felles skjematikk i samarbeid med Helsenettverket*
- *Utarbeide felles vedtaksmaler i samarbeid med Helsenettverket*
- *Bidra i utviklingsarbeid/næring; Innhente og analyserer informasjon med tanke på utarbeidelse av en felles strategisk plan for helse- og omsorg samarbeidet i regionen .*

Alle overordna og prinsipielle saker vil bli lagde fram for kommunestyret til endelig avgjersle for å sikre forsvarleg politisk forankring av denne viktige helsereforma.

Dei samla totale kostnadane for Bygland kommune i 2014 var kr 703.000,-. I 2015 budsjettet er det lagt inn kr 702.000,- til LMT finansiering.



Oppvekstsektoren i Bygland kommune

Innleiing:

Bygland kommune har 2 oppvekstsentra. Bygland oppvekstsenter inneheld ordinær skuleverksemd 1. – 10. klasse, barnehage og skulefritidsordning (SFO).

Byglandsfjord oppvekstsenter inneheld ordinær skuleverksemd 1. – 7. klasse, barnehage og skulefritidsordning (SFO).

Overordna mål for oppvekstsektoren:

- Oppvekstsentra i Bygland skal gi barn og unge dei beste vilkåra for tryggleik, trivsel samhandling og læring.
- Tilby alle som søker ved hovudopptak barnehageplass, og vere fleksible om nokon treng plass ved andre høve.
- I skular, barnehagar og SFO skal barna ha eit forsvarleg tilsyn, slik at dei opplever tryggleik og trivsel i lag med andre gjennom heile dagen.
- Gi opplæringa ei lokal forankring gjennom bruk av kultur og natur slik at ein skaper identitet til heimlassen.
- Kvalitetssikre tilbodet i skular, SFO og barnehagar gjennom faste brukarundersøkingar, vere opne for nytenking og innspel frå brukarane.
- Stimulere og leggje til rette for fysisk aktivitet på både dag – og kveldstid.
- Brukarane møter lærings situasjonar og utfordringar som er tilpassa individuelle føresetnader og utviklingsbehov.
- Varierte metodar og fleksibel organisering i opplæringa er med på å auke læringsutbyttet.

Styringsmål:

- Halde tildelt budsjettramme.
- Arbeide for å vere blant dei beste på Agder når det gjeld grunnskulepoeng.
- Arbeide for å få gode resultat på nasjonale prøver.
- Arbeide for at elevane skal trivast og oppleve meistring, samstundes minst mogleg mobbing og gode resultat på den årlege elevundersøkinga.
- Gjennomføre utviklingsarbeid som sikrar kvaliteten og tverrfagleg samarbeid ved overgangane barnehage, barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule, vaksenopplæring, utdanning og jobb.
- Gjennomføre kompetansehevingstiltak i samsvar med vedtatt kompetansehevingsplan.
- Arbeide for å halde sjukefråveret på eit minimum gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging av dei sjukemelde.
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Godt resultat på brukarundersøkingane.
- Gjennomføre medarbeidarsamtalar våren 2015.



Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
Resultateining: Bygland Oppvekstsenter						
Inntekter	-2192	-704	-704	-704	-704	-2816
Utgifter	17764	16889	16589	16589	16589	66656
Netto	15572	16185	15885	15885	15885	63840

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
Resultateining: Byglandsfjord Oppvekstsenter						
Inntekter	-1412	-922	-922	-922	-922	-3688
Utgifter	10428	10462	10462	10462	10462	41848
Netto	9016	9540	9540	9540	9540	38160

Elevtalsutvikling:

Tabellen under viser utviklinga i elevtalet ved skulane i planperioden:

Skuleår	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018
Bygland oppvekstsenter, elevtal	104	100	95	95
Byglandsfjord oppvekstsenter, elevtal	41	40	40	40

Basert på erfaring, så vil prognosetala svinge gjennom skuleåret pga. til- og fråflytting, osv.

Omtale av oppvekstsentra:

Bygland oppvekstsenter:

Oppvekstsenteret har ljose og trivelege lokale, som er godt vedlikehaldne. Uteområdet derimot, er nedslite og treng sårt ei opprusting.

Bygland oppvekstsenter har dyktige og engasjerte medarbeidarar. Vi er for tida godt dekkja med kvalifiserte pedagogar, både i skule og barnehage. Vi driv kontinuerleg vidareutdanning gjennom prosjekta «Kompetanse for kvalitet», og «SKU», som er ei statleg satsing på ungdomssteget, med bakgrunn i St.mld 22 og skal vare ut 2017.

Bygland kommune er frå nyttår ein del av «Vurdering for læring pulje 5». Dette er eit utviklingsprogram som skal sikre betre vurderingspraksis og elevmedverknad i eigen læringsprosess.

Skulen:

Satsingsområde:

- Tilpassa opplæring
- Lesing/skriving i alle fag, vidareføre SKU.
- Fagleg tyngde.
- Vurdering for læring.
- Implementere ny IKT- plan på alle trinn

SFO/leksehjelp:

- Ordinær skulefritidsordning SFO alle dagar, med opningstid 07.15 til 16.30.
- Det er leksehjelp tre ettermiddagar i veka for 5.klasse tom. 10.klasse.

Barnehagen:

Ordinær barnehagedrift med to avdelingar, som båe er fylte opp så langt det er mogeleg med den bemanninga og økonomien vi har. Det er i 21 born i Bygland Barnehage pr. dd. Budsjettet et tilpassa den drift vi ser for oss ved starten av 2015.

Vaksenopplæring:

Opplæringa i norsk og samfunnsfag for vaksne asylsøklarar, heldt til i Vonheim fram til 31.12.2013. Det er ingen aktivitet der for tida.



Byglandsfjord oppvekstsenter:

Budsjettramma for 2015 gjev fortsatt rom for at alle barn på oppvekstsenteret i alderen 1 – 12 år skal få dei beste vilkåra for lek, læring og utvikling av sosial kompetanse. Barna vil framleis få eit godt og tilrettelagt tilbod. Byglandsfjord oppvekstsenter har dyktige, engasjerte, løysingsorienterte og positive tilsette. Arbeidsmiljøet ved oppvekstsenteret er godt og det er eit lågt sjukefråver.

Byglandsfjord oppvekstsenter er, saman med Bygland oppvekstsenter, frå nyttår med på satsinga «Vurdering for læring pulje 5». Dette er eit utviklingsprogram som skal sikre betre vurderingspraksis og elevmedverknad i eigen læringsprosess. Vidare vil me frå hausten 2015 implementere ny IKT-plan på alle trinn.

Skulen:

Oppvekstsenteret satsar vidare på:

- Tidleg innsats.
- Vurdering for læring.
- Stasjonsundervisning («Australia modellen»).
- IKTplan på alle trinn.
- Rettleia lesing.

SFO:

Ordinær skulefritidsordning. SFO har opningstid alle dagar frå kl.08:30 - kl.16:30, før og etter skuletid. Frå hausten (nye vedtekter trer i kraft) vil opningstida bli kl.07:15 – kl.16:30. SFO er svært populært og vi har 18 elevar som nyttar seg av dette tilbodet.

Leksehjelp:

Det er tilbod om gratis leksehjelp to timar i veka for elevane i 1.-7. klasse. Det er ca. 30 elevar som brukar tilbodet kvar veke.

Barnehagen

Det er ordinær barnehagedrift med to avdelinger. Barnehagen har opningstid frå kl.07:15 – kl.16:30 alle dagar. Det er 24 barn i barnehagen, 4 av desse barna er busett i Evje og Hornnes kommune. Barnehagen har ikkje ventelister. Brukarundersøkinga visar at brukarane er godt nøgde med tilbodet. Budsjettet er tilpassa den drift vi ser for oss ved starten av 2015.

Resultateining: NAV

Omtale av eininga:

NAV Bygland har som formål å få fleire i arbeid og færre på stønad. Vi er også opptatt av å gjere det enklare for brukarane - fleire kanalar inn til NAV. Tenestene skal tilpassast etter brukarane sine behov. Med dette bidreg NAV Bygland å skape ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
Resultateining: NAV						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	1780	1787	1787	1787	1787	7148
Netto	1780	1787	1787	1787	1787	7148

Kommentar:

Etter at NAV Bygland blei etablert har det ført til at brukarane får eit heilskapleg tenestetilbod som er eigna til å sikre rett yting til rett tid. Med rett bruk av verkemidla som er tilgjengelege i NAV, samt fokus på brukarmedverknad er det stor von om å lykkast med dette arbeidet.

Sosialkostnadane har vore reduserte i 2012 og 2013, og i 2014 kan ein sjå eit stabilt tal på sosialsaker. Dette er noko som vil aukast i 2015 på grunn av at Bygland kommune har vedteke å busetje flyktingar frå og med 2014. Samstundes skal mykje av desse utgiftene dekkast av integreringstilskotet. Flyktingane mottok introduksjons-



stønad og skal være sjølvhjelpne så langt det let seg gjere. NAV skal arbeide heilheitleg mot at dei etter intro-programmet skal være sjølvhjelpne, ha god ordning og forståing av eigen økonomi og ha skaffa høveleg arbeid.

Husbanken

Regjeringa har fastsett ny forskrift for startlån som gjeld frå 1. april 2014. Ordninga med startlån er meir målretta mot personar med langvarige bustad- og finansieringsproblem.

Startlånordninga har blitt meir tydeleg. Den vil i større grad enn tidlegare nå fram til dei personane som er vanskelegst stilt på bustadmarknaden, og som samtidig har økonomisk evne til å betjene eit lån. Personar i målgruppa kan være lågtlønte, einslege forsørgarar, flyktningar og utviklingshemma. Den nye forskrifta opnar og for å kunne formidle startlån med opptil 50 års nedbetalingstid. Dette kan til dømes vere i tilfelle der låntakaren har problem med å skaffe seg en eigna leigebustad, leige er klart dyrare enn lang nedbetalingstid, og låntakar har låg, stabil inntekt og stabil livssituasjon. (Henta fra husbanken.no)

I Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen og tilhøyrande forskrift og rundskriv er forebyggjande arbeid blant barn og unge nemnt. Vi har tankar om å utarbeide opplegg for skuleungdom, vi ynskjer eit undervisningsopplegg i økonomi. Dersom vi ser levekårsutfordringa under eitt ser vi at det kan vere hensiktsmessig å iverksetje tiltak alt i ungdomsskulealder.

Flyktingetenesta

Bygland kommune har ikkje teke mot nye flyktningar dei siste åra. Kommunen har vore vertskommune for eit asylmottak med om lag 130 asylsøkjjarar. Dette har stilt store krav til det kommunale tenestetilbodet, særleg på helse, undervisning og barnehage. Asylmottaket blei lagt ned 31.12.2013 og det blei difor vedteke at Bygland kommune igjen skal ta i mot flyktningar. Det har blitt fatta vedtak på fem asylsøkjjarar i 2014 og fem i 2015. Det blei tilsett ein flyktingkonsulent som starta opp 1. september 2014. Flyktingkonsulenten sitt ansvarsområde vil vere:

- Utarbeide ein plan for busetting og integrering av flyktningar i kommunen.
- Kontakt med IMDi: Ta imot førespurnad om busetting, svare på desse, søkje om tilskot osv.
- Busetting og bu-retteleing.
- Følgje opp flyktingane i høve politi, søknad om pass, adresse, bank – andre formelle ting.
- Introduksjonsprogram og programretteleing (men ikkje det faglege i introprogrammet – det blir følgt opp av lærarane og ansvarlege for undervisninga).
- Språkpraksis og arbeidspraksis – i samarbeid med vaksenopplæring.
- Vere ein koordinator for flyktingarbeidet i kommunen, legge til rette for samarbeid og samhandling.

Overordna mål for verksemda:

- Kommunen skal møte brukarane sine med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Motivere til fysisk aktivitet og sunne livsvanar
- Førebyggjande helsearbeid, mosjon og velvære skal vere eit satsingsområde
- Vi skal vidareutvikle dei gode, trygge lokalsamfunna prega av nærleik og omsyn til fellesskapet og med fokus på enkeltmenneske
- Målsettinga for sosiale tenester er heimla i sosialtenestelova og har som hovudmål å fremje økonomisk og sosial tryggleik, og betre levekåra for dei som er vanskelegstilte.
- Barnevernet har som hovudmålsetting å trygge og fremje barn og unge sine oppvekstvilkår og setje i verk tiltak for å betre vilkåra for dei som har det vanskeleg. Arbeidet vert utført i medhald av lov om barnevern.
- Hovudmålsetjinga for flyktingetenesta er å bistå flyktningar som kjem til kommunen med tilpassing til det norske samfunn og i samband med dette yte bistand til opplæring, bustad, økonomi og til å skaffe høveleg arbeid.

Styringsmål:

- Halde tildelt økonomisk ramme
- Å utarbeide ein helsepolitisk plan og medverke til at folkehelse har fokus i kommunalt planverk og tenesteproduksjon.
- Å etablere eit tilstrekkeleg internkontrollsystem for å sikre at tildeling og utføring av tenestene er lovmessige og forsvarlege
- Sikre vedtak om, og oppfølging av, individuelle planar
- Vidareføre utviklingsarbeid som sikrar og styrker tverrfagleg samarbeid



- Styrke dialogen med tenestemottakarar
- Utarbeide kompetanseplan og gjennomføre tiltak i samsvar med denne
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Lågt sjukefråvær gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging av dei sjukmelde.

Kostnadssted: Barnevern

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
Barnevern						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2200	2764	2764	2764	2764	11056
Netto	2200	2764	2764	2764	2764	11056

Kommentar:

Bygland kommune gjekk inn i eit barnevernssamarbeid organisert som eit vertskommunesamarbeid i april 2011. Det interkommunale samarbeidet omfattar Bykle, Valle og Bygland kommune. Valle er vertskommune for Setesdal barnevern. Samarbeidet har ført til ei auke i barnevernsbudsjettet for Bygland kommune. Bygland kommune aukar stillingsstorleiken til 100 % stilling. Denne storleiken dekkjer 1/3 av barnevernsleiar si stilling. Det er positivt at vertskommunesamarbeidet er på plass. Kvaliteten på tenesta vil bli betre og sårbarheita mindre.

Bygland kommune har fleire barnevernssaker som krev store økonomiske ressursar. På bakgrunn av opplysningar frå barnevernstenesta har ein auka dei samla utgiftene til barnevern med om lag kr 564.000,- i høve til budsjett 2014.

Resultateining: Helse

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
Resultateining: Helse						
Inntekter	-1842	-3234	-3234	-3234	-3234	-12936
Utgifter	10382	11513	11513	11513	11513	46052
Netto	8540	8279	8279	8279	8279	33116

Legetenesta

Ved Bygland legekantor er det tilsett 5 personar i faste stillingar. Legekantoret har 2 fast tilsette legar, ein kommuneoverlege i 65 % stilling, 25 % av stillinga blir nytta til kommuneoverlegeoppgåver og 40 % som fastlege, samt ein fastlege i 80 % stilling. Kommuneoverlegen er spesialist innan samfunnsmedisin og i allmenmedisin. Kommuneoverlegestillinga er eit samarbeid med Evje og Hornnes kommune der Bygland er vertskommune.

Legekantoret er bemanna med 2 legesekretærer i 40 % og 55 % stilling, og ein kontorleiar i 100 % stilling. Det er behov for ein auke legesekretærstillingressurs på 20 %. Stillinga skal nyttast på torsdagen då det er tre legar på jobb på kontoret. Legetenesta har eit krav om responstid på to minutt for å svare på telefon frå pasientane. Legesekretæranne skal også assistere tre legar og det er vanskeleg å få utført oppgåvene tilfredstillande med bare to legesekretærer. Men i budsjettforslaget for 2015 har ein ikkje funne rom for auke av stillinga.

Per 1.10.2014 er det 1.160 som har fastlege i Bygland.



Fysioterapitenesta

Fysioterapeuten er sjølvstendig næringsdrivande med 75 % kommunal driftsavtale. Ho har også ansvar for lovpålagte kommunale oppgåver, desse tenestene kjøper kommunen av fysioterapeuten. Det er ikkje funne rom for å auke stillingsandelen i dette budsjettet.

Helsesystemtenesta

Helsesystemtenesta inneheld helsesystem i 100 % stilling. Helsesystem har vidareutdanning i psykisk helsearbeid og eteforstyringar. Denne utdanninga er ei styrke for helsesystem i hennar arbeid.

Helsesystemtenesta gjev tilbod om tenester til alle innbyggjarane i kommunen mellom 0-20 år.

Helsestasjonen yter tenester i form av helsestasjon for barn 0-5 år.

Skulehelseteneste for barn og ungdom 6-20 år.

Helsestasjon for ungdom er etablert på måndagar saman med turnuslegen.

Jordmor

Jordmortenesta er eit samarbeid med Evje og Hornnes, der Bygland kommune er vertskommune. I den ordinære jordmortenesta er det tilsett jordmor i 60 % stilling fordelt med 40 % til Evje og Hornnes kommune og 20% til Bygland kommune.

I tillegg er det etablert ei ordning med 40 % stilling som skal dekke følgjetenesta i Bygland kommune. Desse kostnadane vert dekkja av SSHF.

Det er utarbeidd eigen samarbeidsavtale med for denne tenesta.

Psykisk helse og rus

Tenesta er organisert under avdelingsleiar for psykisk helse og rus. Avdelingsleiar blei frå mars 2014 til mars 2015 konstituert som tenesteleiar på helse. Tenesta blei difor styrka med 20 % aktivitørstilling og 20 % ruskonsulentstilling til oppfølging av brukarane i denne perioden.

Psykisk helse og rus inneheld til vanleg 100 % leiar for psykisk helse og rus tenesta og 75 % stilling som psykisk helsearbeidar. Ansvar for oppfølging av rusavhengige er lagt til dette området. Styrking av ruskompetansen får tenesta gjennom LMT med interkommunal ruskonsulent i Setesdal i 20 % stilling.

Tilsette i tenestane i psykisk helse og rus helse deltek i interkommunale fagnettverk som er etablerte i Setesdal. Nettverka er ein styrke for dei tilsette med kompetanseheving og for å utveksle erfaringar.

Bustader for menneske med psykiske lidningar

Det vart etablert eit bustadtilbod for 3 brukarar i samarbeid med Evje og Hornnes kommune på Byglandsfjord i juni 2012. Kommunane inngjekk avtale med ei fordeling av kostnadane og det blei etablert eit midlertidig bustadtilbod på Byglandsfjord. Evje og Hornnes dekker nå 33 % av kostnadane og ein har kunna redusere bemanninga med ei 20 % stilling.

Det er planlagt ei samlokalisering av bustadane i løpet av 2015, i dag bur brukarane i ulike kommunale bustader. Avdelingsleiar i psykisk helse og rus er leiar for bustadane.

Støttekontaktar og avlastning

Budsjettet for støttekontakt inneheld støttekontakt, avlastning og omsorgsløn. Eininga har no ansvar for sakshandsaming etter søknadar frå foreldre og brukarar. Tildelinga blir drøfta i ansvarsgruppemøte og med andre fagpersonar som er involverte i tiltak rundt brukar.

Om ein brukar avlastning og støttekontaktar som førebyggjande tiltak vil foreldre kunne klare sine omsorgsoppgåver over tid. Støttekontaktar (oppdragstakarar) vert lønna i samsvar med til ei kvar tid gjeldande tariff-løn for ufaglært (assistent). Avlastning vert godtgjort etter anbefalte satsar for fosterheim og avlastning.

Tenesteleiar deltek i helsenettverk saman med leiarane i helse og i pleie og omsorg i Setesdal.

Tenesteleiar er koordinerande eining med ansvar for Individuelle planar, kontaktperson i kommunen for SSHF dersom det er pasientar som treng langvarige og koordinerande tenester.

Overordna mål for verksemda:

- Kommunen skal møte brukarane sine med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Motivere til fysisk aktivitet og sunne livsvanar
- Førebyggjande helsearbeid, mosjon og velvære skal vere eit satsingsområde



- Vi skal vidareutvikle dei gode, trygge lokalsamfunna prega av nærleik og omsyn til fellesskapet og med fokus på enkeltmenneske
- Barnevernet har som hovudmålsetjing å trygge og fremje barn og unge sine oppvekstvilkår og setje i verk tiltak for å betre vilkåra for dei som har det vanskeleg. Arbeidet vert utført i medhald av lov om barnevern

Styringsmål:

- Halde tildelt økonomisk ramme
- Utarbeide ein helsepolitisk plan og medverke til at folkehelse har fokus i kommunalt planverk og tenesteproduksjon
- Etablere eit tilstrekkeleg internkontrollsystem for å sikre at tildeling og utføring av tenestene er lovmessige og forsvarlege
- Sikre vedtak om, og oppfølging av individuelle planar
- Vidareføre utviklingsarbeid som sikrar og styrkar tverrfagleg samarbeid
- Styrke dialogen med tenestemottakarar
- Utarbeide kompetanseplan og gjennomføre tiltak i samsvar med denne
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Lågt sjukefråvær gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging for dei som er sjukemeld
- Gjennomføre medarbeidarsamtaler vår 2015

Resultateining: Pleie og omsorg

a) Omtale av eininga:

Bygland kommune skal ha fokus på å ha eit godt kvalitetsnivå på omsorgstenestene. Hovudoppgåva til pleie- og omsorgseininga er å yte tenester til pasientar og brukarar som har behov for kommunale tenester.

Det er 3 avdelingar i pleie- og omsorgseininga. Desse er:

- Avdeling Byglandsheimen
- Avdeling open omsorg
- Avdeling habiliteringstenesta (tidl. PU-tenesta)

b) Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
Resultateining: Pleie og omsorg (Byglandsheimen, open omsorg og habiliteringstenesta)						
Inntekter	-4262	-4317	-4317	-4317	-4317	-17268
Utgifter	27877	36906	34906	34906	34906	141624
Netto	23615	32589	30589	30589	30589	124356
Resultateining: Pleie og omsorg- Omsorg (PU) - Inngår i PLO fra 2015 (Habiliteringstenesta)						
Inntekter	-375	0	0	0	0	0
Utgifter	9545	0	0	0	0	0
Netto	9170	0	0	0	0	0

c) Aktivitet:

Overordna

Eininga arbeider med å setje på plass organisasjonen og tilpasse ressursbruken i forhold til behova som finst i kommunen. Eininga har avdelingsleiarar (50 % administrativ stilling) i dei tre avdelingane, og vil arbeide vidare med å implementere den nye organisasjonen og leiinga av avdelingane i 2015. Ein arbeider og med å sjå på om eininga er organisert og har ressursar i høve til kva for behov som finst i kommunen.

Når det gjeld utviklingsarbeid fokuserer eininga på komande oppgåver og aukande behov for tenester. Ein ser at størstedelen av noverande tenestetilbod er i den øvste delen av omsorgstrappa, og det vil krevje noko meir omstillingsarbeid for å få på plass eit betre tenestetilbod på dei lågare trinna. Dette må vere på plass før ein kan få ein reduksjon i dei tyngre tilboda. Dette arbeider ein med kontinuerleg, og det er forventa ei dreining i tenestetilbodet i løpet av 2015.



Når det gjeld nattevakt i open omsorg har eininga etablert ei ordning der det er nattevaktene på Byglandsheimen som er kommunen si nattevakt. Dei følgjer ein fast prosedyre om ein alarm blir utløyst nattestid, og i ytste konsekvens blir bakvakt kalla inn for å sikre at tenestene blir utført ein forsvarleg måte.

Eininga har i dag dagtilbod til eldre og demente ein dag i veka på Byglandsheimen («open dag»). I tillegg har habiliteringstenesta eige dagsenter på Byglandsfjord. Eininga vil i 2015 sjå om det er mogleg å utvide dagtilbodet til eldre og demente til å omfatte fleire dagar i veka og om ein kan tilby dagtilbod for eldre og demente både på Byglandsheimen og i dagsenteret på Byglandsfjord. Ein føresetnad for dette er at det kan gjennomførast innanfor den økonomiske ramma.

Betre kvalitetsstyring (internkontroll) er eit viktig satsingsområde for eininga, og «KvalitetsLosen» er no implementert i eininga. Avviksdelen er fullt ut implementert og ein arbeider med å få på plass alt av naudsynnte prosedyrar og andre system som skal understøtte kvaliteten på arbeidet som skal utførast. Dette er forventa slutført i løpet av fyrste halvdel av 2015.

Rekruttering av tilsette med rett kompetanse som ønskjer å bli i eininga er eit viktig satsingsområde, samt at kompetanseheving av dei som allereie er tilsette vil bli prioritert. Eininga har eigne undervisningsfasilitetar som mogleggjer internopplæring på ein betre og meir effektiv måte enn tidlegare.

Eininga har gjort ein del endringar på økonomistyringa for å få betre oversikt over kostnadane, samt gje eit meir rett bilete av kva dei ulike tenestane kostar.

Leing, administrasjon og støttefunksjonar

Tidlegare har kostnadane relatert til leing, administrasjon og støttefunksjonar vore spreidd på dei ulike avdelingane. Frå og med 2015 vil kostnadane for desse vere skilt ut på eigne budsjettområde. Dette gjer eit meir rettidig og heilskapleg bilete av kva som kostar kva. Dette fører ikkje til problem med rapportering på kostnadar. Når det gjeld leing og administrasjon er alle kostnadar relatert til løn for tenesteleiar, avdelingsleiarar og merkantil stab lagt til eige budsjettområde. Her vil ein og finne ein alle felleskostnadar som er relatert til innkjøp av varer og tenester, samt kostnadar relatert til infrastruktur.

Støttefunksjonane reinhald, kjøkken, vaskeri og aktivitørtjenester er og lagt til eige budsjettområde.

Aktivitørtjenestene har ansvaret for å planleggje og gjennomføre dagtilboda i regi av eininga.

Avdeling Byglandsheimen

Avdeling Byglandsheimen er kommunen sin sjukeheim, og har eige budsjettområde. Avdelinga har langtidsplassar for eldre og demente, blant anna ei eiga avdeling («Nystog») med 6 plassar for demente. Ein planlegg avdelinga si bemanning i 2015 ut frå 16 langtidsplassar og 4 korttidsplassar. På sjukeheimen er det i skrivande stund 18 bebuarar på langtidsplass (inkl. demente), og ein vil arbeide mot å redusere dette talet. Samstundes må ein overhalde lovmessige krav når det gjeld tenestebehov.

Avdelinga følgjer ein turnus som krev 15,75 pleieårsverk, noko som gjer ein pleiefaktor på 0,79. Den brutto bemanninga er noko høgare, men grunna langtidsplassfråvere og permisjonar er netto bemanning i tråd med behovet i turnus. I 2014 har det vore open omsorg som har hatt ansvaret for korttidsplassane, men dette ansvaret overfører ein gradvis til Byglandsheimen etter kvart som talet på bebuarar på langtidsplass går ned.

Avdeling open omsorg

Avdeling open omsorg inkluderer heimesjukepleie og heimehjelp, og har eigne budsjettområde. Avdelinga har inntil vidare ansvar for korttidstilboda i kommunen og utlån/utleige av ulike hjelpemiddel. I tillegg til dei lovpålagde tenestene har ein matombringning til eldre og uføre, og tryggleiksalarmar til utleige.

Ein planlegg avdelinga si bemanning i 2015 ut ifrå at behovet for tenester innan open omsorg er aukande.

Kapasitetsauken skjer innanfor den totale ramma til eininga.

Avdelinga følgjer no ein turnus som krev 7,50 pleieårsverk og den reelle bemanninga er i tråd med dette.

Avdeling habiliteringstenesta (tidl. PU-tenesta)

Frå 1.1.2015 vil den tidlegare PU-tenesta bytte namn til Habiliteringstenesta. Dette er med bakgrunn i at denne nemninga er meir rett når det gjeld kva for oppgåver avdelinga har i dag, og vil få i åra som kjem.

Avdeling habiliteringstenesta har ansvar for open omsorg for heimebuande psykisk utviklingshemma, og har eige budsjettområde.

Det er eit pågåande byggeprosjekt for å samlokalisere alle brukarar på Sagmoen. Prosjektet er planlagt ferdigstilt medio september 2015. Avdelinga planlegg verksemda i høve til dette. Fram til samlokaliseringa er ein realitet, vil avdelinga ha ansvaret for bustadane i Jernbanegata og på Sagmoen – totalt 9 bustadar.

Avdelinga har eit dagtilbod for brukarane sine. Dette tilbodet er lokalisert til dagsenteret på Byglandsfjord.

Avdelinga følgjer no ein turnus som krev 11,50 pleieårsverk og den reelle bemanninga er i tråd med dette. I samband med samlokaliseringa på Sagmoen vil ny turnus utarbeidast, og føre til en reduksjon i årsverksbehovet.



d) Overordna mål for verksemda:

- I Bygland kommune skal alle oppleve eit godt og framtidsretta pleie- og omsorgstilbod, som er i tråd med kva som er pålagt i helse- og omsorgslovgivinga.
- Eininga skal planlegge, gjennomføre, evaluere og om naudsynt korrigere verksemda sånn at tenestane sitt omfang og innhald er i samsvar med krav i lov og forskrift.
- Eininga skal arbeide målretta for å ha eit godt omdøme, både overfor innbyggjarar i kommunen og tilsette i eininga.
- Eininga skal møte pasientar/brukarar og pårørande med profesjonalitet, respekt og toleranse.
- Pleie- og omsorgstrengjande i Bygland kommune skal gjennom god kvardagsrehabilitering gjevast høve til å bu i eigen heim så lenge som mogeleg.

e) Styringsmål 2015:

Eininga skal:

- Planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda i tråd med dei gjeldande og komande behov.
- Halde tildelte økonomisk ramme, og arbeide målretta for å få på plass ein enda meir kosteffektiv drift av eininga.
- Vidareføre og etablere tenestetilbod som er i samsvar med innbyggjarane sine behov, med prioritet til dei lettare tenestetilboda som til dømes korttids- og avlastingstilbod, kvardagsrehabilitering, dag-/nattilbod, bruk av velferdsteknologi, m.v.
- Planleggje og korrigere verksemda i høve til aukande behov for omsorgs- og aldersbustader.
- Gjennomføre samlokalisering av habiliteringstenesta på Sagmoen så snart nytt bygg er klart.
- Vidareføre og utvikle kvalitetsstyringa for å sikre at tildeling og utføring av naudsynte tenester er lovmessig og forsvarleg.
- Vere ein relevant pådrivar og bidragsytar i det tverrfaglege helsenettverket i Setesdal.
- Gjennomføre all sakshandsaming med god kvalitet innanfor dei gjeldande lovmessige krav.
- Gjennomføre tiltak for å rekruttere, utvikle og behalde dei tilsette i eininga.
- Gjennomføre tiltak for å redusere sjukefråvere i eininga gjennom god førebygging, oppfølging og tilrettelegging.



Resultateining: Drift og Forvaltning

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.) DFV:

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
Resultateining: Drift og forvaltning ekskl. VARF						
Inntekter	-3248	-4187	-4187	-4187	-4187	-16748
Utgifter	18423	19419	19419	19419	19419	77676
Netto	15175	15232	15232	15232	15232	60928

Økonomisk ramme i økonomiplanperioden (i heile 1000 kr.) VARF:

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
Resultateining: Drift og forvaltning- VARF (vann, avlaup, renovasjon og feiing)						
Inntekter	-7175	-7853	-7853	-7915	-7853	-31474
Utgifter	7175	7900	7853	7915	7853	31521
Netto	0	47	0	0	0	47

Kommentar:

Drift og forvaltning utøver tenesteyting på fleire nivå, både internt i organisasjonen og for kommunen sine innbyggjarar. I grove trekk er hovudoppgåvene som følgjer:

- Drift og vedlikehald av bygg, anlegg (VA) og infrastruktur (veg og grøntanleg)
- Sakshandsaming og oppfølging jf ca 25 ulike lovverk
- Ulike drifts – og investeringsprosjekt
- Personal – og økonomiansvar

Eigne faghandlingsplanar for drift, vedlikehald og fagadministrasjon er forankra i gjeven budsjettamme, lovverk og faglege vurderingar. Saman med kommunen sine egne vedtak utgjer desse den gyldige styringsinformasjonen og skal forklare handlingsmønsteret i 2015.

Ei utfordring gjennom budsjettåret er alle hendingar som ikkje kan planleggjast. Desse hendingane kan utløyse økonomiske omprioriteringar, men også omprioriteringar i høve korleis mannskapsressursane må brukast utifrå tilgang på lovleg arbeidstid og kompetanse. Følgjene av turvande omprioriteringar gjennom året vil medføre at ein del andre planlagde eller ynskta tiltak ikkje vil kunne gjennomførast likevel. Dei siste åra er erfaringane at ambisjonsnivået og ynskja om gjennomføring har vore for stor frå alle nivå. Dette gjev slitasje hjå fleire ved eininga, og helsesamtalar frå 2014 synleggjer at det må gjevast høve til å arbeide med metode for å handtere oppgåvene meir rasjonelt. Dette krev ekstra ressursar i ein periode for å take steget opp til eit nytt nivå. Slike ressursar er turvande når det gjeld drifts – og vedlikehaldsoppgåver (for å redusere framtidige driftsutgifter), auka bemanning og tid til kompetanseheving for å implementere denne ved eininga igjen. Utan slik tankemåte vil det vere uråd å få til ei meir utviklingsorientert eining.

Betre refleksjonar for kva som er gyldig styringsinformasjon på alle nivå, også politisk, er avgjerande for å gjere kvarandre gode og å ikkje bruke energi på «omkampar» der det føreligg lovleg og gyldig styringsvedtak og lovverk. Respekt for at det må avsetjast tid til å også diskutere metoden for å nå måla er viktig. Her var me ikkje flinke nok i 2014 på særleg prosjektet med planlegging av idrettshall. Eit svært krevjande prosjekt der det måtte brukast mykje energi for å i etterkant søkje å få felles forståing for kva som låg i mandatet til prosjektgruppa, administrativt nivå og politisk nivå.

Som nemnd i 2014 budsjettet, så gjentek ein at det viktig for DFV å få eit handlingsrom til å utvikle seg på ein måte som gjer oss meir robuste til å handtere alle oppgåver på ein god og rasjonell måte.



Styringsmål ved DFV:

- Bygland kommune sine verdiar skal leggjast til grunn for våre handlingar.
- Arbeide for å oppnå kommuneplanen sine hovudmålsetjingar.
- Halde tildelt økonomiske ramme og fokusere på arbeids – og kostnadsreducerande tiltak som gjev trivsel og handlingsrom for framtida.
- Fokusere på forvaltningsregelverket og lovleg ivaretaking av brukarinteressene på ein måte som også kan forklare eventuelle motsetjingar mellom brukarinteressene og kommunen på ein god måte.
- Søkje å vere i framkant med publikumsinformasjon.
- Arbeide for eit lågt sjukefråvær ved å førebygge, inkludere og følge opp med tilrettelegging der det er mogleg.
- Samverke internt og med andre einingar og brukarar med ei målsetjing om å «GJERE KVARANDRE GODE».
- Drifte bygg og anlegg til beste for brukarane og innbyggjarane sitt beste
- I dei tilfella der det oppstår økonomiske og tidsmessige utfordringar så skal handlingsaktiviteten til eininga prioritere tiltak, handsaming og drift som imøtekjem lovkrav, helse, miljø, tryggleik.
- I drifts – og vedlikehaldssamanheng på bygg og anlegg så skal ein prioritere Oppvekstsentra, Byglandsheimen, aldersbustadane og PUH inkl Dagsenteret samt vassverka og kloakkreinseanlegga.



Prioriterte handlingsplanar - Drift og Forvaltning i 2014:

Prioritert handlingsplan drift og vedlikehald, med ikkje prioriterte tiltak

Ansvarsområde	Tiltak	Kostnad	Kostnad ikkje prioriterte tiltak	Merknad
	Velferdstiltak tilsette DFV	15 000		Også jf vedteken personalhandbok
Tekn adm (3500)		15 000		
	Reperasjon / vedlikehald på bryggjer	15 000		Byglandsfjord
	Mobile toalettfasilitetar Byglandsfjord	20 000		Tømme – og reinhaldskostnadar.
Bjoren (3501)		35 000		
	Evt dykkarteneste	30 000		For opning av portane til sesong.
	Reperasjon av murar m v	46 000		Der er stor slitasje når portane må stå opne
Slusene (3502)		76 000		
	Utvendig måling Dagsenteret	10 000		
	Måling verkstaden	30 000		Arbeidet må setjast bort grunna kapasitet
	Måling Lok stallen	10 000		Arbeidet må setjast bort grunna kapasitet
	Ynskje om skorstein i verkstaden		15 000	
	Nytt belegg i Lok stallen		40 000	
	Rehabilitering av pipe i biblioteket		150 000	
	Rehabilitering av Priveten		250 000	Kost overslag laga av byggmester.
	Ny platting på Dagsenteret		40 000	Aktiviteten i huset skal flyttast til nytt område.
Stasjonsområdet (3503)		50 000	245 000	Byglandsfjord
	Diverse vedlikehald	22 000		Uforutseibart pga alder og behov.
	Bytte ut grus outside		20 000	Støvplager med dagens grus
	Full rehabilitering av bygget		1 800 000	Ca kostnad. Laga eige kost oppsett ca 2008.
Ose turistheim(3504)		22 000	1 820 000	
		15 000		Dekkskifte, service og uforutsett
Kom køyretøy – mva ref (3509)		15 000		Minibussen
		15 000		Dekkskifte, service og uforutsett
Kom køyretøy – ikkje mva ref (3511)		15 000		Bil nytta av psykisk helse
	Overføring til Setesdal Brannvesen IKS	1 767 934		Jf vedteke økonomiplan i representantskapet i juni 2014. Sjå også inv budsjettet
Brannvern (3520)		1 767 934		



	Reperasjonar av bruer	50 000		For å fylle lovkrav
	Kjøp av adresseskilt	60 000		Frå Grendi og nordover
	Nye kostar til feiemaskin	25 000		
	Diverse sommarvedlikehald	40 000		
Kommunale vegar (3530)		175 000		
	Nytt sjingeltak på aldersbustad, Bygland		120 000	Inkl renner og belistning
	«Låvebru». Ose grendehus		30 000	Innspel frå styret i grendehuset
	Innreie loftsrom Ose grendehus		10 000	Kle loftsrommet med plater for lagring av utstyr. Innspel frå styret i grendehuset.
	El – styring vent anlegg	15 000		For å løyse radonkonsentrasjon i Ose grendehus
	Kjellar Ose grendehus	50 000		Sjå referat e møte m styre i Ose grendehus
	Rehabilitering av uthus v gml Heradshuset		40 000	Nytt tak og måling. Evt rive det.
	Takstigar div bygg	20 000		Brannpålegg
	Utvendig måling Grendi skule	40 000		Arbeidet må setjast bort grunna kapasitet
	Måling Nesmonen	15 000		Skjer med eigne folk
	Nytt tak prestegardsløa		200 000	
	Skifting av takstein gml Prestegarden		100 000	
	Rehabilitering av forpaktarbustaden		0	Full renovering krev eige prosjekt og ikkje kostnadsrekna.
	Grytevask kjøkken		15 000	Sjå referat e møte m styre i Ose grendehus
	Fast dekke sørsida		80 000	Sjå referat e møte m styre i Ose grendehus
	Reperasjon av sprekk i mur		100 000	Sjå referat e møte m styre i Ose grendehus
Kommunale bygg (3540)		290 000	695 000	
	Nytt sjingeltak og generell oppussing i Femstad		400 000	Der bør setjast inn nye kjøkken, måling og golvvedlikehald
	Utvendig måling Hampetun	30 000		Arbeidet må setjast bort grunna kapasitet
Kommunale utl bygg (3541)		30 000	400 000	
	Diverse vedlikehald	39 000		
Administrasjonsbygg(3542)		39 000		
	Kome ynskje om asfalt og gatelys		50 000	Bør heller sjåast i samanheng med utviklinga av heile Prestneset.
	Diverse vedlikehald	10 000		
Bryggja (3545)		10 000	50 000	
	Nytt ventilasjonsagregat	0	400 000	Jf vernerunde 2014. Inv budsjettet
	Ventilasjon sløyd i kjellar	87 500		Også av omsyn til radon. Jf vernerunde 2014



	Nye vinduer og solskjerming		80 000	Jf vernerunde 2014
	Skifting av lysrør	30 000		Årdalshallen. Elektrikkarjobb
	Voll / akebakke		15 000	
	Klatrestativ		65 000	
	Noko oppgradering av styrkerom			Ikkje spesifisert innspel.
	Dekkbark	5 000		Inklusive grus m v.
	Betre lysforhold i avd rumpetroll	3 000		Måle taket kvitt med eigne resursar i første omgang. Jf vernerunde 2014.
	Merke vindu	0		Jf vernerunde 2014. Liten kostnad
Bfjord oppv senter (3546)		125 500	160 000	
	Utvendig måling	50 000		Nord og vestsida. Arb må setjast bort
	Varjustering	25 000		Vernerundesak. Utfordring å finne feilen.
	Reperasjon av klatrevegg	5 000		Innspel frå tenesteleiar.
	Reperasjon av vippe	5 000		Roten vippestokk
	Steinsetting eller mur i skråning		30 000	Pris og tiltak må vurderast nærmare
	«Sjørøverskute» på leikeplass		60 000	Bør sjåast i samheng med evt bygging av idrettshall
	Klatrenett	12 300		
	Turnapparat	11 400		
	Møblar til leikestoga		1 000	
	Flytting av leikestoge			Må konkretiserast nærmare
	5,33% Reinh stilling		26 200	Ynskje om fast reih i styrkerom u scene
Bygland oppv senter (3547)		108 700	117 200	
	Oppgradering gml heisen		100 000	Vori salderingspost i fleire år
	Utvendig måling		100 000	Arbeidet må setjast bort
	Vindu og solavskjerming	50 000	50 000	Avdeling A. Vernerundesak. Må takast over fleire år.
	Dårleg tak på delar av bygget	50 000		Noko blei utført i 2014
	Nye radiatorar		20 000	På turkerom
	Branndetektorar	85 000		Siste året med utskifting
	Noko oppgradering av uteareal			Mest arbeid eigne folk
	Div beskyttelseslister	20 000		For å unngå skader i gipsveggar



	Dårleg ventilasjon på Gr rom AC og D (?)	Sjå inv budsjettet		Starte med å bestille måling av luftkvalitet. Må utgreiast meir deretter og kome tilbake til forslag til løysing ved 1 tert rapport.
Byglandsheimen (3548)		205 000	270 000	
	Nye framdekk til traktoren	20 000		
	Ny bilhengar	20 000		Det er fleire som er heilt utslitte
Grøntanlegg (3550)		145 000		
	Kjøp av jordbrukstenester frå Bykle kommune	150 000		Rapport frå SHBT 2014 slår fast at arb mengde ved fagadm er for stor i høve arb miljøløva. Tiltaket avhjelper arb situasjonen for tenesteleiar som også har fagansvar for jordbruk.
Landbruk (3700)		145 000		Nytt i 2015
	GPS – merkeprosjekt rein	25 000		Interkommunalt prosjekt i samarbeid med NINA. Bør budsjetterast tom 2017.
	Skotpremie på rev		20 000	
Vilforvaltning (3715)		25 000	20 000	
	Evaluere kva gjeldande som bør reviderast / oppdaterast	Arbeidstid		For meir rasjonell sakshandsaming i framtida. Budsjettere tiltak i 2016.
	Komplementere og endeleg ferdigstilling av digitalt planarkiv	20 000 + arbeidstid		For meir rasjonell sakshandsaming i framtida og betre opplysning / innsyn for publikum.
	Legge inn byggeforbods-grenser langs off veg.	20 000 + arbeidstid		Kjøpe tenesta frå anna kommune. For meir rasjonell sakshandsaming i framtida.
	Integrere naturbase, kulturminnesøk, gardskart, heieplan m m i kommunen si innsynsløysing på digitale kart	25 000 + arbeidstid		For meir rasjonell sakshandsaming i framtida og betre opplysning / innsyn for publikum. Kjøpe tenesta frå anna kommune.
	Revidere gjeldande delegasjonsreglement i høve dispensasjonssaker	Arbeidstid		Prinsippsak i høve rasjonell og raskare sakshandsaming i disp saker etter § 19 i plan – og byggjeløva.
	Vidareutvikle informasjons- og nettløysingar som avlastar sakshandsamarane	Arbeidstid		Samhandling med Tenestetorget. For meir rasjonell og betre opplysning / innsyn for publikum.
	Frigjere arbeidstid til å få utført fortløypande registrering i Matrikkelen	Arbeidstid		Her er eit etterslep. Det er vanskeleg å prioritere dette arbeidet som i neste gong får neg konsekvensar for m a forvaltninga av VARF – gebyra.
Plan / byggforvaltning (3705)		65 000		
	Tilskott til prosjektleiarstilling	30 000		Interkommunalt prosjekt for vassområde Otra.
Fiskebiologen (3730)		30 000		
	Flaumhøgdevurderingar			Kjem som egie prosjekt
Overordna plan (3740)				
	20 % stilling	135 000		Overført 20 % stilling frå ansvar Overordna plan (3740)
	Innkjøp av Framweb	12 000		SMS – varslingsssystem for å nå publikum. Kan også brukast innan VARF – sektoren. Driftskostnadar kjem i tillegg.
Beredskap (3760)		147 000		



Prioritert handlingsplan, driftsbudsjettet VARF 2015:

Ansvar	Tiltak	Kostnad	Kostnad ikkje prioriterte tiltak	Merknad
	Kamera til røyrspeksjon	40 000		I staden for å kjøpe tenesta. Spart inn på få år og behov for å kartlegge gml strekk. Sjå også 3513.
	Lensepumpe inkl slangar	30 000		Bare til bruk for vatn
	Div skjøteleidningar	20 000		3 fasa. Dei gamle forvitrar og rustar bort
	Etablere drenering høgdebasseng	25 000		Bfjord. For lettare og betre reinhald
	Skifte garasjeport.	15 000		Byglandsfjord. Jf vernerunde 2014
	Ekstra sikring rundt lutlager	5 000		Jf vernerunde 2014
	Tank for Ph justering, Ose	50 000		Inkl montering. Vassprøver syner for låg ph.
	Service UV – anlegga	40 000		Skjer 2.kvart år
	Prosjekt digitalisering av leidningsnett		150 000	Ikkje arbeidskapasitet og avh av rasjonelt GPS – utstyr.
Vassverk (3510)		225 000	150 000	
	Saneringsplan avløp	250 000		Krav i forureiningslovverket. Må leige ekstern hjelp. Får kartlagt Bygland sør
	Kamera til rørinsp	90 000		I staden for å kjøpe tenesta. Spart inn på få år og behov for å kartlegge gml strekk. Sjå også 3510.
	Feittutskilling og nye fordelingslag Austad / Ose			Vart utsett i 2014. Må prosjekterast nærmare.
	Nytt EL – anlegg	40 000		Pumpestasjon rundkj. Bfjord. Jf vernerunde 2014.
	Ny kloakkpumpestasjon på Ose.			Må prosjekterast og frigjeve arbeidskapasitet til å gjere jobben. Jf vernerunde 2014. Vori salderingspost i fleire år.
	Lensepumpe	15 000		Bare til bruk på kloakkområdet.
Avløpsrensing (3513)		395 000		
	Vurdere moglegheiter for ei ny renovasjonsbu	35 000		Skomeneset jf søknad om dette handsama i formannskapet sept 2014.
Renovasjon (3516)		35 000		

Prioritert handlingsplan: Ymse

Ansvarsområde	Tiltak	Kostnad	Kostnad ikkje prioriterte tiltak	Merknad
	Revidering av gml detaljreguleringsplan		150 000	Kommunal planstrategi 2012 - 2016
	Detaljreguleringsplan Grendi nord		100 000	Kommunal planstrategi 2012 – 2016
	Detaljreguleringsplan Grendi nord		100 000	Publikumsinnspel
	Revidering av detaljreguleringsplan Ose		150 000	Kommunal planstrategi 2012 – 2016



	Ferdigstilling av Strandsoneplan	Arbeidstid		Kommuneplanen. Starta opp i 2012.
	Prosjekt vegsamband Bygland – Åseral			K- styrevedtak 93 / 12 den 20.12.2012. Politisk arb gr nedsett i baa kommunar
	Detaljplan for område BFK 4 i Bygland sentrum	Arbeidstid		Ferdigstilling i 2015
	Prosjekt veg – og gatenamn	60 000		Kost ansvar kommunale vegar. T o m Grendi ferdig i 2014.
	Oppfølging av vedteken detaljplan Prestneset		200 000	Kommunal planstrategi 2012 – 2016
	Setesdal Vesthei landskapsvernområde	Arbeidstid		Revidering av eksisterande forvaltningsplan
	Vindmølleenergi	Arbeidstid		Følgje opp BK sitt ansvar i saka om evt bygging av vindmøller v Hovatn

Opplistinga inneheld fleire tiltak og kostnader enn den totale ramma gjev rom for. Uventa hendingar vil også skje. Nokre tiltak vil også verte rimelegare enn budsjettet, og noko kan verte dyrare. Dette gjev at her ikkje er råda med å nå alle måla, men behova er kartlagde og det vert lettare å prioritere kva som skal arbeidast med innaføre målsetjinga med rammebudsjetteringsreglementet.

I tillegg er det interne verksemdsplanar og detaljbudsjett ved eininga som gjev oversyn over faste kostnader som t d straum, kommunale avgifter, forsikring m v. Interne verksemdsplanar søkjer og å gjeve oversyn over dei oppgåvene som også må løysast utifrå gyldig styringsinformasjon som krev personalresursar. Desse har også utgangspunkt i eit søk etter å tilpasse den daglege drifta på ein så rasjonell måte som mogleg. Utfordringa er at utviklingsarbeid kjem i tillegg til det daglege.



Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet Bygland kommune					
	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1 Skatt på inntekt og formue	-27 504	-27 336	-27 603	-27 870	-28 137
2 Ordinært rammetilskot	-56 401	-55 836	-55 898	-56 388	-56 880
3 Skatt på eiendom	-8 683	-8 685	-8 685	-8 685	-8 685
4 Andre direkte eller indirekte skatter(konsavg.konskrsal)	-8 361	-7 104	-6 618	-6 618	-5 906
5 Andre generelle statsstilskot	-6 721	-3 739	-3 725	-3 688	-3 641
6 Sum frie disponible inntekter	-107 670	-102 700	-102 529	-103 249	-103 249
7 Renteinntekter og utbytte	-8 548	-7 882	-8 548	-8 548	-8 548
8 Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	2 750	2 578	2 587	2 590	2 476
9 Avdrag på lån	2 700	3 478	3 592	3 706	3 669
10 Netto finansinntekter	-3 098	-1 826	-2 369	-2 252	-2 403
11 Til dekning av tidlegare års rekneskapsm. meirforbruk	-	-	-	-	-
12 Til ubundne avsetningar	235	-	-	-	-
13 Til bundne avsetningar	3 100	3 100	3 100	3 100	3 100
14 Bruk av tidlegare års rekneskapsm. mindreforbruk	-	-	-	-	-
15 Bruk av ubundne avsetningar	-2 965	-9 918	-	-	-
16 Bruk av bundne avsetningar	-2 270	-2 530	-2 430	-2 430	-2 430
17 Netto avsetting	-1 900	-9 348	670	670	670
18 Overført til investeringsrekneskapet	3 770	-	-	-	-
19 Til fordelt drift	-112 668	-113 874	-104 228	-104 831	-104 982
20 Sum fordelt til drift (frå skjema 1 B)	108 898	113 874	104 228	104 831	104 982
21 Meirforbruk/mindreforbruk = 0	-	-	-	-	-

Budsjettskjema 1 B - driftsbudsjettet Bygland kommune						
Til fordeling drift (frå budsjettskjema 1 A)						
	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
Fordelt slik:						
1. Politisk styring og kontroll						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2655	2655	2505	2655	2505	10320
Netto	2655	2655	2505	2655	2505	10320
2. Sentral adm. og fellesutgifter						
Inntekter	0	-200	-200	-200	-200	-800
Utgifter	7148	7314	7314	7314	7314	29256
Netto	7148	7114	7114	7114	7114	28456
3. Tenestetorg						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2632	2625	2625	2625	2625	10500
Netto	2632	2625	2625	2625	2625	10500
4. IKT						



Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2700	2700	2700	2700	2700	10800
Netto	2700	2700	2700	2700	2700	10800
5. Kyrkjeleg fellesråd og trdomssamfunn						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	1205	1240	1240	1240	1240	4960
Netto	1205	1240	1240	1240	1240	4960
6. Pedagogiske fellestenester						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	1101	1268	1268	1268	1268	5072
Netto	1101	1268	1268	1268	1268	5072
						0
7. Frivilligsentral						
Inntekter	-248	-248	-248	-248	-248	-992
Utgifter	668	676	676	676	676	2704
Netto	420	428	428	428	428	1712
8. Kultur, bibliotek, bygdebok m.m.						
Inntekter	0	-140	0	0	0	-140
Utgifter	2207	2329	2189	2189	2189	8896
Netto	2207	2189	2189	2189	2189	8756
9. Samhandlingsreform/LMT						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2292	702	702	702	702	2808
Netto	2292	702	702	702	702	2808
Resultateining: Bygland Oppvekstsenter						
Inntekter	-2192	-704	-704	-704	-704	-2816
Utgifter	17764	16889	16589	16589	16589	66656
Netto	15572	16185	15885	15885	15885	63840
		-300	-300	0	0	-600
Resultateining: Byglandsfjord Oppvekstsenter						
Inntekter	-1412	-922	-922	-922	-922	-3688
Utgifter	10428	10462	10462	10462	10462	41848
Netto	9016	9540	9540	9540	9540	38160
Resultateining: NAV						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	1780	1787	1787	1787	1787	7148
Netto	1780	1787	1787	1787	1787	7148
Resultateining: Barnevern						
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Utgifter	2200	2764	2764	2764	2764	11056
Netto	2200	2764	2764	2764	2764	11056
Resultateining: Helse						
Inntekter	-1842	-3234	-3234	-3234	-3234	-12936
Utgifter	10382	11513	11513	11513	11513	46052



Netto	8540	8279	8279	8279	8279	33116
Resultateining: Pleie og omsorg (Byglandsheimen, open omsorg og habiliteringstenesta)						
Inntekter	-4262	-4317	-4317	-4317	-4317	-17268
Utgifter	27877	36906	34906	34906	34906	141624
Netto	23615	32589	30589	30589	30589	124356
Resultateining: Pleie og omsorg- Omsorg (PU) - Inngår i PLO fra 2015 (Habiliteringstenesta)						
Inntekter	-375	0	0	0	0	0
Utgifter	9545	0	0	0	0	0
Netto	9170	0	0	0	0	0
Resultateining: Drift og forvaltning ekskl. VARF						
Inntekter	-3248	-4187	-4187	-4187	-4187	-16748
Utgifter	18423	19419	19419	19419	19419	77676
Netto	15175	15232	15232	15232	15232	60928
Resultateining: Drift og forvaltning- VARF (vann, avlaup, renovasjon og feiing)						
Inntekter	-7175	-7853	-7853	-7915	-7853	-31474
Utgifter	7175	7900	7853	7915	7853	31521
Netto	0	47	0	0	0	47
Uspesifisert utgiftsreduksjon/ innføring egedomsskatt						
Inntekter	0	-1000	-1000	-1000	-1000	-4000
Utgifter	2890	0	-4149	-3696	-3395	-11240
Netto	2890	-1000	-5149	-4696	-4395	-15240
Andre utgifter						
Inntekter(premieavvik/bomtilskot)	-3550	0	0	0	0	0
Utgifter	4330	7530	4530	4530	4530	21120
Netto	780	7530	4530	4530	4530	21120
Sum driftsinntekter	-24304	-22805	-22665	-22727	-22665	-90862
Sum driftsutgifter	133202	136679	126893	127558	127647	507721
Netto driftsutgifter	108898	113874	104228	104831	104982	416859



Budsjettskjema 2A - investeringsbudsjettet Bygland kommune						
		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2015-2018
1	Investeringar i anleggsmidlar	26 040	11 050	550	550	38190
2	Utlån og forskuteringar	1500	1500	1500	1500	6000
3	Avdrag på lån	700	800	900	1000	3400
4	Avsettingar	0	0	0	0	0
5	Finansieringsbehov i året	28240	13350	2950	3050	47590
6	Finansiert slik:					
7	Bruk av lånemidlar	-15 500	-9 120	-1 500	-1 500	-27620
8	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-500	-500	-440	-440	-1880
9	Tilskot til investeringar	-6 800	-1 800	0	0	-8600
10	Motteke avdrag på utlån og refusjonar	-700	-800	-900	-1000	-3400
11	Andre inntekter	-1000	0	0	0	-1000
12	MVA kompensasjon	-3 740	-1 130	-110	-110	-5090
13	Sum ekstern finansiering	-28240	-13350	-2950	-3050	-47590
14	Overført frå driftsbudsjettet	0	0	0		0
15	Bruk av avsettingar	0	0	0	0	0
16	Sum finansiering	-28240	-13350	-2950	-3050	-47590
17	Udekka/udisponert = 0	0	0	0	0	0